



Vaksdal kommune

## **MØTEINNKALLING KONTROLLUTVALET**

**Møtedato:** 27.04.2016  
**Møtested:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Roger Erlandsen epost [roger.erlandsen@askoy.kommune.no](mailto:roger.erlandsen@askoy.kommune.no) Tlf 56158040/47628925

### **SAKSLISTE**

| <b>SAKSNR</b>  | <b>TITTEL</b>                                                                                                          |
|----------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>07/2016</b> | <b>GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE</b>                                                                          |
| <b>08/2016</b> | <b>GODKJENNING AV MØTEBOK</b>                                                                                          |
| <b>09/2016</b> | <b>REFERATSAKER OG MELDINGAR</b>                                                                                       |
| <b>10/2016</b> | <b>ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER</b>                                                                                   |
| <b>11/2016</b> | <b>REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET</b>                                   |
| <b>12/2016</b> | <b>REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF FOR 2016 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET</b> |
| <b>13/2016</b> | <b>FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK</b>                                                                    |
| <b>14/2016</b> | <b>ANDRE SAKER/DRØFTINGAR</b>                                                                                          |

25.04.2016

Boris Groth  
Leiar



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval           | Type | Dato       |
|---------|-----------------|------|------------|
| 07/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.04.2016 |

| Sakshandsamar   | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|-------|------------|
| Roger Erlandsen |       | 16/592     |

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval           | Type | Dato       |
|---------|-----------------|------|------------|
| 08/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.04.2016 |

| Sakshandsamar   | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|-------|------------|
| Roger Erlandsen |       | 16/592     |

### GODKJENNING AV MØTEBOK

**Vedlegg:**

Protokoll - Kontrollutvalet - 27.01.2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

**Møtedato:** 27.01.2016  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 13:00 - 16:37

### Møtedeltakarar:

| Medlemmer               | Parti | Rolle        |
|-------------------------|-------|--------------|
| Boris Groth             | FRP   | Utdvalsleiar |
| Bente Jorunn Sundheim   | H     | Nestleiar    |
| Björg Aase Nottveit Hop | AP    | Medlem       |
| Odd Jøran Oldervik      | SV    | Medlem       |
| Terje Davidsen          | AP    | Medlem       |

---

### Andre møtande:

To representantar frå Deloitte  
Roger Erlandsen, sekretær

---

## Saksliste

| SAKSNR  | TITTEL                                                                                                                                           |
|---------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 01/2016 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE                                                                                                           |
| 02/2016 | GODKJENNING AV MØTEBOK                                                                                                                           |
| 03/2016 | ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER                                                                                                                    |
| 04/2016 | PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG<br>PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL:<br>PROSESSMØTE 1 |
| 05/2016 | FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK                                                                                                     |
| 06/2016 | ANDRE SAKER/DRØFTINGAR                                                                                                                           |



**01/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

Rådmannen kunne ikkje møte, og sak 03/16 blei derfor ikkje behandla.

Sak 05/16 blei behandla før sak 04/16.

Samrøystes vedtak.

**KONT - sak 01/2016 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**02/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KONT - sak 02/2016 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**03/2016: ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.



**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

**KONT - sak 03/2016 Vedtak:**

Saken vert utsett til neste møte.

---

**04/2016: PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG  
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 1**

**Framlegg til vedtak:**

**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

I arbeidet med prosjektplan for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, og prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll skal det utføres to prosessmøter. Det første prosessmøte blei gjennomført i dette møtet.

Det blei bli brukt eit risikospel som har ein oversikt over dei ulike tjenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde. Før plasseringa av brikkene skulle vala ikkje diskuterast mellom medlemene.

Medlemmene fekk anledning til å grunngje vala.

Deloitte rettleia medlemene i dette arbeidet.

I prosessmøte 2 skal endeleg prioritering til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll gjennomførast. I dette møtet vil data som blei samla inn i prosessmøte 1 bli presentert.

**KONT - sak 04/2016 Vedtak:**

---



**05/2016: FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK**

**Framlegg til vedtak:**

**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

Terje Davidsen og Bjørg Åse Nottveit Hop ba om habilitetsvurdering for sak 03/16.

Terje er leder i idrettslaget som fekk økonomisk støtte frå T. Mohn. Bjørg er medlem i Formannskapet som behandla saka.

Begge blei einstemmig rekna som inhabile, og fråtredde i saka. Bjørg blei etter ein vurdering av Deloitte ikkje rekna som inhabil i saka, men omsynet til korleis innbyggerane kan oppfatte dette, førte til at ho blei rekna som inhabil.

I samband med at formannskapet sommaren 2015 tilrådde konsesjon til Boge 3 kraftverk, blei det spekulert i regions- og rikspressa om mogleg kopling mellom at formannskapet (etter fullmakt frå kommunestyret) snudde kommunestyret sitt vedtak i saka og likevel rådet til konsesjon, og at Trond Mohn gir pengegåver til formål i kommunen.

Kontrollutvalet har tatt i mot melding frå ordførar i kommunen og ein innbygger om å sjå på dette.

I ettertid har nytt kommunestyre i vedtak av den 14.12.2015 endra kommunens tilråding til å likevel gå imot konsesjon for Boge 3.

Kontrollutvalet har i utgangspunktet ikkje til oppgave å ta opp saker som er behandla i kommunestyret. Det som behandles i kontrollutvalet i denne saka er behandlinga i *formannskapet*.

Saka blei diskutert i møtet. Kontrollutvalet ønsker å få svar på om formannskapet hadde alle dei nødvendige fullmakter til å foreta eit endelig vedtak, eller om vedtaket skulle være ein innstilling til kommunestyret. Det er ønskelig å få klarlagt tidslinjene i saka.

Det blei bestemt at kontrollutvalet inviterer ordførar og rådmann til neste møte, slik at dei kan gi orientering rundt saksgang, og bakgrunn for at formannskapet valde å endre tilrådinga i saken.

**KONT - sak 05/2016 Vedtak:**

Kontrollutvalet inviterer ordførar og rådmann til neste møte slik at dei kan gi orientering rundt saksgang og bakgrunn for at Formannskapet valde å endre tilrådinga i saken.

-----



**06/2016: ANDRE SAKER/DRØFTINGAR**

Det blei i KU-møtet 25.11.15 foreslått at kontrollutvalet kan be om å få omvisning/få informasjon om diverse einingar i kommunen foretatt av einingene sjøl. KU kan diskutere kven som kan kontaktes.

**Kontrollutvalet 27.01.2016**

**Behandling:**

Kontrollutvalet ønskjer å få omvising og informasjon om diverse einingar i kommunen, utført av einingane sjølv. Det blei bestemt at leiar, rådmann og sekretær lager ein plan for denne aktiviteten med forslag til møteplan og kven som skal besøkas.

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland Fylkeskommune inviteras til å informere om deira tilbod til sekretariattenester.

Kontrollutvalsboka bestillas til medlemmene, ordførar og rådmann.

**KONT - sak 06/2016 Vedtak:**

-----

**Meldingar:**

Ingen



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval           | Type | Dato       |
|---------|-----------------|------|------------|
| 09/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.04.2016 |

| Sakshandsamar   | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|-------|------------|
| Roger Erlandsen |       | 16/592     |

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune.

Fråsegn om årsrekneskapen 2015 for Vaksdal kommune, frå Deloitte.

Revisjonsrapport Vaksdal kommune 2015, frå Deloitte.

Uttalelse om særregnskapet 2015 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter, frå Deloitte.

Fagkonferanse Kontroll og tilsyn 7. - 8. juni 2016.



Kommunestyret i Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAM

## Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.



## 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

| Tal årsverk 2015 | Tal årsverk 2014 | Tal årsverk 2013 |
|------------------|------------------|------------------|
| 0,5              | 0,5              | 0,5              |

### 2.2 Organisering

Skatteavdelinga består av skatteoppkrevjar i 50% stilling. Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av Hordaland kommunale rekneskapskontroll.

## 3. Måloppnåing

### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Vaksdal kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 355 534 770 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 12 041 782, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2016.

### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Vaksdal kommune.

Resultata viser følgjande:

|                                            | Totalt innbetalt i MNOK | Innbetalt av sum krav (i %) | Resultatkrav (i %) | Innbetalt av sum krav (i %) førre år | Innbetalt av sum krav (i %) regionen |
|--------------------------------------------|-------------------------|-----------------------------|--------------------|--------------------------------------|--------------------------------------|
| Restskatt personlege skattytarar 2013      | 5,7                     | 97,2                        | 94,5               | 93,7                                 | 95,8                                 |
| Arbeidsgjevaravgift 2014                   | 51,1                    | 99,4                        | 99,9               | 99,6                                 | 99,9                                 |
| Forskotsskatt personlege skattytarar 2014  | 10,2                    | 96,7                        | 99,0               | 97,6                                 | 99,4                                 |
| Forskotstrekk 2014                         | 94,5                    | 99,8                        | 99,9               | 99,9                                 | 100,0                                |
| Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014 | 22,0                    | 100,0                       | 99,8               | 99,5                                 | 100,0                                |
| Restskatt upersonlege skattytarar 2013     | 1,6                     | 87,5                        | 99,0               | 95,1                                 | 99,2                                 |

### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune er tilslutta Hordaland kommunale rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



| Tal arbeidsgjevarar | Minstekrav tal kontrollar (5 %) | Tal utførte kontrollar i 2015 | Utførte kontrollar 2015 (i %) | Utførte kontrollar 2014 (i %) | Utførte kontrollar 2013 (i %) | Utført kontroll 2015 region (i %) |
|---------------------|---------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| 125                 | 6                               | 6                             | 4,8 %                         | 2,7                           | 5,0 %                         | 4,0 %                             |

#### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkreving. Siste stadlege kontroll vart halden 3. desember 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

#### 5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

#### 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2015 verken gjeve pålegg eller tilrådingar, jf. rapport av 16. desember 2015.



Venleg helsing

  
Arnulf von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

  
Jan Kåre Strøm  
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Vaksdal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune
- Riksrevisjonen




## FAGKONFERANSE | KONTROLL OG TILSYN

Gardermoen | 7 - 8 juni 2016

Arsmøte i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) | 7. juni 2016

#fkt2016



[www.fkt.no](http://www.fkt.no)

|                     |                                                                                                                                                                                                              |
|---------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Dag 1</b>        | <b>Tirsdag 7. juni 2016</b>                                                                                                                                                                                  |
| 09.00 – 10.00       | Registrering med mat                                                                                                                                                                                         |
| 10.00 – 10.15       | <b>Velkommen til fagkonferansen</b><br>Styreleder <b>Per Rune Vereide</b> , FKT                                                                                                                              |
| 10.15 – 10.45       | <b>Åpning</b><br>Statssekretær <b>Grete Ellingsen</b> (H), Kommunal- og moderniseringsdepartementet                                                                                                          |
| 10.45 – 11.00       | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                            |
| 11.00 – 11.30       | <b>Overordnet om kontrollutvalgets rolle og oppgaver – herunder om lederrollen og om hvordan heve status og synliggjøre kontrollutvalget</b><br>Kontrollutvalgsleder <b>Dag Robertsen</b> (Ap), Moss kommune |
| 11.45 – 12.00       | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                            |
| 12.00 – 12.15       | Pause (Kaffe)                                                                                                                                                                                                |
| 12.15– 12.45        | <b>Offentlige anskaffelser – hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på?</b><br>Sekretariatsleder <b>Anneline Vingsgård</b> , KOFA                                                                          |
| 12.45 – 13.00       | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                            |
| 13.00 – 14.00       | Lunsj                                                                                                                                                                                                        |
|                     | <b>ÅRSMØTE 2016 I FKT</b>                                                                                                                                                                                    |
| 14.00 – 14.30       | Registrering til årsmøte 2016                                                                                                                                                                                |
| 14.30 – 15.30       | Årsmøte 2016                                                                                                                                                                                                 |
| 17.00 – 23.00 (ca.) | <b>Felles utflukt m/Skibladner, inkl. middag</b>                                                                                                                                                             |

|               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Dag 2</b>  | <b>Onsdag 8. juni 2016</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 09.00 – 09.45 | <b>Korrupsjon</b><br>Partner <b>Erling Grimstad</b> , BDO AS                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 09.45 – 10.00 | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 10.00 – 10.15 | Pause/utsjekking                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 10.15 – 11.10 | <b>Samspill og dialog – politisk ledelse, administrativ ledelse og kontrollutvalg</b><br>Ordfører <b>Nina Sandberg</b> (Ap), Nesodden kommune<br>Rådmann <b>Anne Skau</b> , Oppegård kommune<br>Nestleder <b>Roar Thun</b> (Ap), kontrollutvalget i Ski kommune                                               |
| 11.10 – 11.30 | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 11.30 – 12.30 | Lunsj                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| 12.30 – 13.15 | <b>Offentlighet, innsyn, åpenhet og åpne/lukkede møter – juridiske utfordringer for kontrollutvalget</b><br>Avd.dir./advokat <b>Tor Allstrin</b> , KS Advokatene                                                                                                                                              |
| 13.15 – 13.30 | Spørsmål og kommentarer fra salen                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 13.30 – 13.45 | Pause                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| 13.45 – 14.45 | <b>Mennesket er det viktigste verktøyet</b><br>Uansett hvem vi er og hva vi gjør, så er vi folk i møte med andre folk. Hvordan tolke og takle hverandre i en utfordrende arbeidsdag.<br><br>Motivator <b>Thor Brekkeflat</b> , daglig leder Hva skal til AS og nestleder av kontrollutvalget i Bergen kommune |
| 14.45 – 15.00 | <b>Avslutning</b><br>Avtroppende styreleder <b>Per Rune Vereide</b> og påtroppende styreleder <b>NN</b> i FKT                                                                                                                                                                                                 |

## **PRAKTISK INFORMASJON**

### **INFORMASJON OM ÅRSMØTE**

Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 26. april 2016.

Styret sender ut sakspapirene 2 uker før årsmøtet, innen 26. mai 2016.

Dersom din kommune/ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 26. mai 2016.

Leder i valgkomiteen: Anne-Karin Femanger Pettersen, daglig leder i Østfold kontrollutvalgssekretariat | [akfp@fredrikstad.kommune.no](mailto:akfp@fredrikstad.kommune.no) | Mobil: 414 71 166 | Tlf.: 400 05 206

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Se nettsiden [www.fkt.no](http://www.fkt.no) eller kontakt sekretariatet.

### **KONTAKTINFORMASJON TIL SEKRETARIAT**

Bjørn Bråthen: Tlf. 403 90 775

E- postadresse: [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no)

# PÅMELDING

Påmelding via særskilt skjema på FKTs nettside: [www.fkt.no](http://www.fkt.no)

Bindende påmelding innen **tirsdag 5. april 2016**. Det tas forbehold om endringer i programmet.

Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgébyr på kr 500 i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

## DELTAKERAVGIFT

- Deltakelse med overnatting (helpensjon): Kr 5 900 (Ikke medlem kr 6 350)
- Deltakelse uten overnatting, felles utflukt og middag (dagpakke): Kr 4 800 (Ikke medlem kr 5 200)
- FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).
- Ekstra overnatting fra 6. – 7. juni 2016: Kr 1 115

## ANNEN INFORMASJON

### Utflukt med Skibladner

Bussavgang fra hotellet kl. 17.00 til Eidsvoll. Skibladner legger fra kai kl. 18.00 for nostalgisk båttur på Mjøsa med verdens eldste hjuldampere i drift. Utflukten inkluderer kveldens middag, og vi beregner å være tilbake på hotellet ca. kl. 23.00.

### Thon Hotel Oslo Airport - Shuttlebuss S22

Shuttlebuss fra Oslo Airport går fra nedre plan (utenfor ankomsthallen og til venstre) – holdeplass 36.

- Bussen er merket S22.
- Rutetabell finner du [her](#). Reisetid 14 min.
- Bussen passerer Scandic Gardermoen og Thon Hotel Gardermoen. Du går av på tredje stopp: **Thon Hotel Oslo Airport**.





## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval           | Type | Dato       |
|---------|-----------------|------|------------|
| 03/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.01.2016 |
| 10/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.04.2016 |

| Sakshandsamar   | Arkiv | ArkivsakID |
|-----------------|-------|------------|
| Roger Erlandsen |       | 16/102     |

### ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.

#### Kontrollutvalet - Sak 03/2016

#### KONT - Behandling:

#### KONT - Tilråding/Vedtak:

Saken vert utsett til neste møte.

#### Saksopplysningar:

Det blei i KU-møtet 25.11.15 vedteke å invitere rådmannen til å gi ein orientering om omsorgsboligene i kommunen.

Kontrollutvalet ønsker ein oversikt over antall boliger, kor dei fins, og informasjon om kven som kan bu i dei.

Rådmannen skulle gi denne orienteringa i forrige møte 27. januar, men vart forhindra.



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval           | Type | Dato       |
|---------|-----------------|------|------------|
| 11/2016 | Kontrollutvalet | PS   | 27.04.2016 |

| Sakshandsamar   | Arkiv              | ArkivsakID |
|-----------------|--------------------|------------|
| Roger Erlandsen | FE - 210, TI - &14 | 16/511     |

### REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

#### Vedlegg:

Vaksdal kommune Årsmelding 2015.docx  
Melding frå revisor, rekneskap Vaksdal kommune 2015  
Revisjonsrapport Vaksdal kommune, rekneskap 2015

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen for 2015, rådmannen sin årsmelding for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhørande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarenes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommune si økonomiske situasjon for år 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsrapporten, og har ut over dette ingen merknader til kommunens rekneskap for året 2015.

Årsmeldinga vert teken til etterretning.

#### Saksopplysningar:

Gjennomgang av rekneskapen v/administrasjonen og Deloitte.

# Vaksdal kommune

---

## Årsmelding 2015



# Innhold

|                                                  |    |
|--------------------------------------------------|----|
| Politisk organisering .....                      | 3  |
| Økonomi .....                                    | 6  |
| Rekneskapsresultat .....                         | 6  |
| Finansinntekter og utgifter.....                 | 9  |
| Aksjar og obligasjonar .....                     | 10 |
| Pensjonskostnader og premieavvik.....            | 11 |
| Lånegjeld .....                                  | 12 |
| Fond.....                                        | 12 |
| Investeringar.....                               | 13 |
| Organisasjonen og kommunen som tenesteytar ..... | 14 |
| Hovudtal drift .....                             | 21 |
| Vedlegg 1: Tenesteområde og einingar.....        | 23 |
| Tenesteområdet oppvekst .....                    | 23 |
| Tenesteområde helse og omsorg.....               | 29 |
| Tenesteområdet samfunnsutvikling.....            | 37 |
| Vedlegg 2: Økonomisk oversyn .....               | 43 |
| Vedlegg 3: Noter rekneskap 2015 .....            | 49 |
| Vedlegg 4: Kommunestyre 2015 – saker.....        | 66 |
| Vedlegg 5: KOSTRA .....                          | 69 |
| Vedlegg 6: Meldingar .....                       | 70 |

## Politisk organisering

Vaksdal kommune er organisert med:

- Kommunestyre
- Formannskap/plan- og økonomiutval
- Levekårsutval
- Kontrollutval
- Administrasjonsutval og arbeidsmiljøutval
- Eldreråd, ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne




Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen.

Det vert vald direkte av innbyggjarane for fire år om gongen. Kommunestyret gjer vedtak på vegner av kommunen i alle saker der vedtaksmyndet ikkje er delegert vidare til andre. Kommunestyret vert leia av ordføraren, med varaordføraren som stadfortredar.

Kommunestyret vel formannskap og mellom medlemmene i formannskapet, ordførar og varaordførar. Kommunestyre kan opprette og legge ned faste utval og fastset sjølv arbeids- og ansvarsområde for slike utval. Alle saker som er av prinsipiell natur skal avgjerast av kommunestyret sjølv. Dette gjeld m.a. budsjett, økonomiplan og overordna planar for den kommunale verksemda.

I 2015 var det kommuneval. Valdeltakinga i Vaksdal kommune var 64,6%. Oppsummering av deltaking og resultat er vist under:



#### **Kommunestyre 2011 - 2015**

Eirik Haga (Ap), ordførar  
Irving Sæterdal (Ap)  
Anders Jin Risnes (Ap)  
Magne Hestad (Ap)  
Bjørn Øyvind Krogsrud (Ap)  
Heidi Rongved (Ap)  
Helge Risnes (Ap)  
Bjørge Aase N. Hop (Ap)  
Brita Hesjedal Lunde (Ap)  
Jan Hansen (Ap)  
Arne Normann (Krf)  
Helge Gullbrå (Krf)  
Sigmund Simmenes (Sp)  
Karin Nordheim Flatekval (Sp)  
Dag Brekke (Sp)  
Boris Groth (Frp)  
Anneli Vatle Lilletvedt (H)  
Silje Stien (H)  
Svein Arvid Boge (H)  
Åge Johan Fanebust (H)  
Kjartan Haugsnes (Sv)

#### **Kommunestyre 2015 – 2019 (bilete)**

Eirik Haga (Ap), ordførar  
Anne Christin Eide (Ap)  
Anders Jin Risnes (Ap)  
Magne Hestad (Ap)  
Bjørn Øyvind Krogsrud (Ap)  
Heidi Rongved (Ap)  
Brita Hesjedal Lunde (Ap)  
Jan Hansen (Ap)  
Arne Normann (Krf)  
Jan Erik Bernes Roe (Krf)  
Sigmund Simmenes (Sp)  
Hege Eide Vik (Sp)  
Jarle Audestad (Sp)  
Line Eide Vik (Sp)  
Boris Groth (Frp)  
Anneli Vatle Lilletvedt (H)  
Bjørn Roald (H)  
Kjartan Haugsnes (Sv)  
Evelyn Boge (Sv)  
Line Kydland (Sv)  
Tom Charles Johnsen (MDG)



#### **Kontrollutval 2011-2015**

Boris Groth (leiar)  
Linda U. Fossmark  
Anny Bjordam Leiren  
Olav Jarl Bruvik  
Evelyn Boge

#### **Kontrollutval 2015 - 2019**

Boris Groth (leiar)  
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar  
Bjørge Aase N. Hop  
Odd Jøran Oldervik  
Terje Davidsen

Formannskapet er på vegne av kommunestyret kommunen sitt sentrale styringsorgan, med eit særleg ansvar for økonomi- og plansaker. Det gjer i tillegg vedtak i ei rekkje saker etter fullmakt frå kommunestyret. Formannskapet har også mynde å gjera vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna kommunalt organ, når det ikkje er tid til å innkalla dette, jf. kommunelova § 13.

**Formannskap/plan/økonomiutval 2011-2015**

Eirik Haga (Ap)  
Heidi Rongved (Ap)  
Bjørge Aase N. Hop (Ap)  
Sigmund Simmenes (Sp)  
Helge Gullbrå (Krf)  
Anneli Vatlø Lilltvedt (H)  
Svein Arvid Boge (H)

**Formannskap/plan/økonomiutval 2015-2019**

Eirik Haga (Ap)  
Heidi Rongved (Ap)  
Anne Christin Eide (Ap)  
Sigmund Simmenes (Sp)  
Jan Erik Bernes Roe (Krf)  
Kjartan Haugsnes (SV)  
Bjørn Roald (H)

Levekårsutvalet har 7 medlemmer, kommunestyret vel leiar og nestleiar. Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er helse og omsorg, folkehelse, oppvekst og opplæring og andre saker som naturleg fell innfor utvalet sitt ansvarsområde.

**Levekårsutvalet 2014-2015**

Magne Hestad (Ap) (leiar)  
Brita Hesjedal Lunde (Ap)  
Helge Risnes (Ap)  
Silje Stien (H)  
Karin Norheim Flatekvål (Sp)  
Arne Normann (Krf)  
Kjartan Haugsnes (Sv)

**Levekårsutvalet 2015 - 2019**

Magne Hestad (Ap) (leiar)  
Hege Eide Vik (SP), nestleiar  
Brita Hesjedal Lunde (Ap)  
Anders Jin Risnes (Ap)  
Anneli Vatlø Lilltvedt (H)  
Evelyn Boge (SV)  
Tom Charles Johnsen (MDG)

Administrasjonsutval: Formannskapet sine 7 medlemmar frå arbeidsgjevarsida og 3 medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane  
Arbeidsmiljøutvalet: 4 frå arbeidsgjevarsida (2 politikarar, rådmann og HR)  
4 frå arbeidstakersida ( HVO, 3 frå fagorganisasjonane)

## Økonomi

2015 har vore eit krevjande år for Vaksdal kommune. Folketalsnedgang og endring i eigne inntekter frå vasskraft har gitt kommunen eit inntektsbortfall som har krevd rask omstilling. Gjennom inntektssystemet får kommunen reduserte inntekter, både som følgje av reduksjon i talet på innbyggjarar og som følgje av endringar i alderssamansetjinga. Inntekter frå eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft har vorte tilført drifta, og dette ha hatt ein reduksjon på nær 4,7 mill frå 2014. Samla har dette gitt den kommunale organisasjonen utfordringar med å tilpasse seg dei økonomiske rammene. Tenesteytinga er arbeidsintensiv og tilpassing av drift til økonomiske rammer må difor medføre at lønsutgiftene må reduserast. Heile organisasjonen har arbeidd med å effektivisere drifta og tilpasse driftsnivået til dei økonomiske rammene.

### Rekneskapsresultat

Vaksdal kommune har sett seg langsiktige mål for sunn økonomi:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 3 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter : under 50%
- Disposisjonsfond minst 10%

Driftsrekneskapen viser eit overskot på kr 1.479.329,-. Netto bruk av bundne fond er kr 119.219,- i 2015. Bruk av bundne avsetjingar er mellom anna finansiering av mobildekning på 1,5 mill og overføring til næringssselskapet på 1 mill. Bruk av sjølvkostfond var 1,1 mill. Avsetjing til bunde fond var mellom anna avsetning av konsesjonsavgifter på 3,3 mill.


Brutto driftsresultat viser eit overskot på kr 8.875.225,-. Brutto driftsresultat er driftsinntekter minus driftsutgifter (inkl avskrivingar), og viser kommunens økonomiske ordinære driftsresultat inkl kapitalkostnader før ein tek omsyn til finanspostar. Dette viser at kommunen har eit driftsnivå inkl avskrivingar som er lavare enn inntektsnivået i 2015. I 2014 var brutto driftsresultat eit underskot på kr 963.668,-.

Netto driftsresultat viser eit overskot på kr 9.499.886,-. Netto driftsresultat er brutto driftsresultat korrigert for finanstransasjonar (rente og avdrag), samt at ein korrigerer for «motpost avskrivingar». Netto driftsresultatet er 2,4% av brutto driftsinntekter, mot 2% i 2014. Bruk av premiefond gjorde at pensjonsutgiftene vart tilsvarende redusert, og reelt netto driftsresultat er 0,8%. I planperioden er dette målet under press gjennom reduserte inntekter og behov for tilpassing av utgiftene i samsvar med dette. Dette krev omstillingar og utvikling i perioden.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.2015 er 51,3%, medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare (i overkant av 70%). Langsiktig gjeld pr 31.12.2015 er kr 257.967.341,- . Lånegjelda har auka noko meir enn det som var føresett i budsjettet, både pga auka investeringsramme og mindre overføring frå drift enn opprinneleg budsjettert.

Disposisjonsfond var pr 31.12.2014 17,1% som er reknar som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarende premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskriving og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjør ein stor del av disposisjonsfondet vårt.


Reelt resultat er positivt . I 2015 var det eit stort negativt premieavvik, men dette vart kompensert av tilsvarande stort bruk av premiefond. 2015 har vore eit dårleg år for aksjar og obligasjonar, og det er her eit samla tap.



### Frie inntekter

Frie inntekter er rammetilskot og skatteinntekter på inntekt og formue. Desse inntektene disponerer kommunen fritt til både lovpålagte og andre oppgåver. Rammetilskotet består av innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, distriktstilskot og skjønsmidlar. I tillegg vert det gjennom rammetilskotsordninga gjort ei inntektsutjamning.

Dei frie inntektene pr innbyggjar har hatt redusert vekst, og frå 2014 til 2015 var veksten på 0,5%, noko som er lavare enn landet, fylket og Kommunegruppe 2 og 3. For 2015 ligg kommunen om lag på same nivå som Kommunegruppe 2 og 3.




Veksten i frie inntekter har avtatt også for resten av landet, fylket og kommunegruppa. Vi ser at kommunegruppa i 2014 har hatt reduksjon i frie inntekter pr innbyggjar. Vaksdal kommune tilhører Kommunegruppe 3, som er *små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter*. I samanlikning mot andre kommunar er det naturleg og også vurdere opp mot Kommunegruppe 2, som er *små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter*. Endring i frie inntekter viser at det er mange andre kommunar som har omstillingsbehov som følgje av reduksjon på inntektssida.

Folketal og inntekter er knytt nært saman. Dei største delene av rammeoverføringane er innbyggjartilskot og utgiftsutjamning. Innbyggjartilskotet er det same pr innbyggjar for alle kommunar.

Gjennom utgiftsutjevninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved bruk av behovsindeksen. Midler vert omfordelt frå kommunar med lavt beregna utgiftsbehov til kommunar med høgt beregna utgiftsbehov. Utgiftsutjevninga skal gje kompensasjon for forskjeller i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påverke sjølv. Behovsindeksen fortel noko om kor dyr ein kommune er å drive i forhold til landsgjennomsnittet. Den samla behovsindeksen er utrekna ved hjelp av eit sett kriterier og vektorer som seier noko om kvifor kommunane sine utgifter varierer, og vert nytta til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga.

Samla har Vaksdal ein behovsindeks som er 1,185, dette betyr at kommunen får meir pr innbyggjar en landsgjennomsnittet. Indeksen i 2015 har auka noko frå 2014. Store deler av utgiftsutjamninga er knytt til alderssamansetjinga i kommunen. Som vist er det spesielt for innbyggjarar over 67 år at Vaksdal kommune skil seg ut, og vert kompensert deretter.



Frå 2000 har det vore ei mindre auke i tal menn. Det er auke i aldersgruppa 20-67 år, men elles reduksjon. Talet på kvinner har vorte redusert, og her er det stor reduksjon i aldersgruppa 67 år og over. Også for kvinner er det auke i aldersgruppa 20-67 år.

Frå 2000 til 2016 har det vore ei betydeleg endring i befolkningssamansetninga, noko som medfører store endringar i behov og tenesteproduksjon.

|                          | År 2000  |           | År 2016  |           | Folketal | % endring |
|--------------------------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|
|                          | Folketal | Fordeling | Folketal | Fordeling |          |           |
| <b>0-5 år</b>            | 305      | 7,3 %     | 264      | 6,4 %     | -41      | -13,4 %   |
| <b>6-15 år</b>           | 550      | 13,1 %    | 508      | 12,3 %    | -42      | -7,6 %    |
| <b>16-19 år</b>          | 217      | 5,2 %     | 211      | 5,1 %     | -6       | -2,8 %    |
| <b>20-66 år</b>          | 2 234    | 53,3 %    | 2 344    | 56,8 %    | 110      | 4,9 %     |
| <b>67 år eller eldre</b> | 886      | 21,1 %    | 798      | 19,3 %    | -88      | -9,9 %    |
| <b>Sum</b>               | 4 192    |           | 4 125    |           |          |           |

### Rammetilskot og skatt

I 2015 har det vore stor uvisse knytt til skatteinntektene. Nedgangen i den petroleumsbaserte delen av økonomien har gitt redusert aktivitet og auka arbeidsløyse. Dette er forhold som påverkar den kommunale skatteinngangen, både direkte og gjennom inntektsutjamninga.

Ved tertialrapportar har det vorte varsla mogeleg inntektssvikt, og regjeringa kompenserte noko for bortfall av inntekter. Mot slutten av året var det ei positiv utvikling i skatteinntektene, og samla vart det eit positivt avvik på om lag 0,36 mill.


Eigedomsskatt har eit overskot på om lag 0,3 mill

## Finansinntekter og utgifter

|                                                 | Regnskap 2015      | Reg. budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Regnskap 2014      | Avvik 2015        |
|-------------------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| Renteinntekter og utbytte                       | 2 911 984          | 1 798 000          | 1 798 000          | 4 858 358          | 1 113 984         |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 4 539 654          | 2 000 000          | 2 000 000          | 5 134 335          | 2 539 654         |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.         | 6 466 589          | 9 320 000          | 9 320 000          | 6 816 749          | 2 853 411         |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)     | 4 317 731          | -                  | -                  | 2 945 256          | -4 317 731        |
| Avdrag på lån                                   | 12 078 588         | 11 900 001         | 11 900 001         | 10 777 454         | -178 587          |
| <b>Netto finansinnt./utg.</b>                   | <b>-15 411 270</b> | <b>-17 422 001</b> | <b>-17 422 001</b> | <b>-10 546 766</b> | <b>-2 010 731</b> |

Grunna lave renter har kommunen hatt lavare renteutgifter enn budsjettet. Det er gjennomført rammeavtale på kommunalt låneopptak, og fleire lån er refinansierte med lavare rente.

Utvikling i gjennomsnittsrente



Vaksdal kommune nytter seg av tenester frå Bergen Capital Management (BCM) i samband med låneopptak. Til tross for auka lånegjeld har renteutgiftene vorte redusert frå 2014, og det er eit positivt budsjettavvik på 2,85 mill,-

Renteinntekter har vore 0,53 mill betre enn budsjettet. Utbytte frå andre selskap har vore 0,58 mill betre enn budsjettet.

I budsjett 2015 er det sett opp netto gevinst på finansielle instrument på 2 mill. Netto gevinst har vore i overkant av 0,2 mill, og det er såleis eit negativt budsjettavvik på om lag 1,8 mill.

Avdrag har vorte betalt i samsvar med vedteke budsjett. 5-årige leasingavtalar vert klassifisert som finansiell leasing og skal førast som avdrag i rekneskapen. Kostnadene til dette er kr 178.587,- og utgjer avviket på avdragsutgiftene.

Det vert vist til finansrapport frå BCM for ytterlegare detaljar.

### Aksjar og obligasjonar

Bergen Capital Management forvalter kommunen sine aksjar og obligasjonar. I 2015 har det vore tap på aksjar og obligasjonar. Historisk har kommunen oppnådd god avkastning samanlikna med kursutviklinga elles, men i 2014 og 2015 var avkastninga dårlegare enn benchmark. Amortiseringsfondet kan nyttast til å dekkje tap, men har ikkje vore nytta i 2015.

Kursene på obligasjonane er i 2015 nedskrive mykje. Porteføljen består av obligasjonar i norske sparebanker der det er antatt å vere lav tapsrisiko. Kursjustering i 2015 vil derfor alt annet like komme igjen som høgare avkastning i neste periode.

Det er oppstått avvik mot aksjebenchmark som er Oslo Børs (OBX), fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har en annan sammensetning. Oljeprisen har det siste året falt frå USD 115 pr. fat til USD 30 pr. fat. Sektorer som seismikk, drilling og shipping har som følge av dette falt 60 til 80 % siste halvår, og avvik mot benchmark skyldes at deler av aksjeporteføljen har vore eksponert mot nevnte sektorar. Eksponering mot sektoren vil verte redusert gradvis fremover. Ca. 10 % av porteføljen består av slik aksjer, som siste tertial i snitt har falt over 50 % i verdi. Posisjoner innan denne sektoren vert avvikla løpande ved anledning.

| AKTIVAKLASSE            | MARKEDSVERDI NOK  | I PROSENT    |
|-------------------------|-------------------|--------------|
| Bankinnskudd            | 3 973 022         | 5 %          |
| Sertifikat/obligasjoner | 69 765 308        | 80 %         |
| Aksjer                  | 13 141 894        | 15 %         |
| <b>Totalt</b>           | <b>86 880 224</b> | <b>100 %</b> |

Det vert vist til finansrapport frå BCM for ytterlegare detaljar.

Aksje og eideelar (finansielle anleggsmidler) er opplista i note 5.


## Pensjonskostnader og premieavvik

Premieavvik er differanse mellom årets betalte pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Pensjonspremier skal dekke dei auka pensjonsforpliktingane som har påløpt i løpet av året, og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp.

Årets premieavvik var negativt, og har saman med amortisering i året gitt reduksjon i oppsamla premieavvik. Pr 31.12.2015 har kommunen eit oppsamla premieavvik på kr 45.703.205,- som skal avskrivas over hhv 15, 10 og 7 år.

Kommunen har eit stort oppsamla premieavvik samanlikna med andre kommunar, men oppbygging av eit amortiseringsfond for å dekke inn dette har vore eit godt strategisk grep. Amortiseringsfondet vart oppretta i 2007, og pr 31.12.2015 er dette fondet kr 44.473.114,-. Det er soleis eit mindre avvik mellom oppsamla forplikting og avsett fond. Premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik medfører ingen likviditetsmessige endringar, og amortiseringsfondet er difor eit fond utan likvide midler.

Fram til 2013 gav premieavvik ei resultatbetring for kommunen, men i 2014 og spesielt i 2015 har dette medført dårlegare resultat.




Det vert elles vist til note 3 om pensjonsforplikting.

## Lånegjeld

Den langsiktige lånegjelda har auka med kr 7.698.441,- i løpet av 2015.

|                    | Pr 31.12.12        | Pr 31.12.13        | Pr 31.12.14        | Pr 31.12.15        |
|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Husbanken          | 40 958 081         | 37 847 456         | 38 507 097         | 38 012 144         |
| Kommunekreditt/KLP | 12 995 000         | 10 785 908         | 10 075 000         | -                  |
| Kommunalbanken     | 134 930 992        | 165 374 638        | 152 668 554        | 161 365 536        |
| Sertifikatlån      | -                  |                    | 45 810 000         | 55 560 000         |
| Sum lån i bank     | 188 884 073        | 214 008 002        | 247 060 651        | 254 937 680        |
| Andre lån          | 8 070 441          | 7 910 482          | 3 208 249          | 3 029 661          |
| <b>Sum lån</b>     | <b>196 954 514</b> | <b>221 918 484</b> | <b>250 268 900</b> | <b>257 967 341</b> |

Andre lån er forskottering av FV 569, der lån til Modalen er på kr 2.375.758. Det er lån til Vaksdal Næringssselskap på kr 624.096,-. I tillegg er det finansiell leasing som er oppført som langsiktig lån, dette er kr 29.807,-.



Kommunen har som målsetting at netto lånegjeld ikkje skal vere høgare enn 50% av brutto driftsinntekter. For 2015 var netto lånegjeld 51,3% av brutto driftsinntekter. Dette er ei auke frå 2014. Med venta reduksjonen i driftsinntekter dei kommande åra, er det viktig å finansiere større deler av investeringar gjennom årlege driftsresultat.

Note 6 viser langsiktig gjeld og avdrag på lån.

## Fond

| Fondstype                            | 31.12.2012         | 31.12.2013         | 31.12.2014         | 31.12.2015         |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Disposisjonsfond                     | 46 678 646         | 56 539 011         | 67 533 681         | 67 423 402         |
| Bundne driftsfond- k.to 2.51         | 24 539 031         | 28 350 136         | 37 198 718         | 37 079 499         |
| Ubundne investeringsfond – k.to 2,53 | 70 353 178         | 42 143 911         | 39 786 674         | 39 561 643         |
| Bundne investeringsfond – k.to 2.55  | 6 275 883          | 8 488 193          | 4 007 774          | 4 629 879          |
| <b>Totalt fond pr. 31/12</b>         | <b>147 846 738</b> | <b>135 521 251</b> | <b>148 526 846</b> | <b>148 694 423</b> |

## Investeringar

Investeringar pågår ofte over fleire år, samla oversikt over aktivitetar/prosekt i året ligg som vedlegg. Det vert vist til note 12 som viser oversikt over investeringer pr prosjektnr.

Kort om investeringane i 2015:

### Helse og omsorg

Forprosjektet i samband med omleggingane i tenestene går over 2015-2016. Det vart skifta ut 16 terrassar på omsorgsbustadene på Vaksdal, samtidig blei alle aldersbustadane malt. I Elvavegen ventilasjonen bygd om og nye kjøkkenventilatorar montert. To bustader i Elvavegen vart rehabilitert . Samlokalisering av folkehelse og familie går over 2 år.

### Oppvekst

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular går ut 2016. Kommunen har sidan 2010 årleg budsjettert med investeringar til skule innafor denne ordninga. Av ei ramme på 11,6 mill gjenstår 3,9 mill som er lagt inn i 2015-2016. Noko midlar er brukt til tilstandsvurdering av Dale barne- og ungdomsskule og mogelegheitsstudie for et ev nybygg.

### Samfunnsutvikling

Investeringar innan veg og grønt, vøla av Toskedalsvegen, investeringar innan vatn og avlaup, utbyggingsprosjekt Tettaneset og investeringar innan kommunale bygg er hovudpostane i 2015. Investeringane er nærare gjennomgått av eininga jf. vedlegg 1.

### Felles

Investeringane innan IKT og datasikkerheitsløyising er knytt til digitaliseringsstrategien og datatryggleik. I 2015 vart m.a varslings- og alarmssystem innan helse og omsorg ferdigstilt og implementering av fellesmodular knytt til elektronisk reiserekning og fråværsbehandling, eHandel og kvalitetssystem prioritert. Eit større prosjekt knytt til sikkerheit og nettverk pågår og vert ferdig i 2016. Investeringar i kyrkja er overført Kyrkjeleg Fellesråd, datakabling og prosjekt for ombygging Kundetorg pågår.

## Organisasjonen og kommunen som tenesteytar



Mål- og resultatstyring er viktige reiskap for å styre verksemda. Dei einingsvise måla skal sjåast i samanheng med dei overordna måla, og vere sektorvise bidrag til å utvikle organisasjonen heilskapleg. I tillegg skal dei einingsvise måla vere reiskap for å styre verksemda i retning av å stadig bli betre til å kvalitetssikre at ein løyser si faglege hovudoppgåve. Dei overordna måla er vidareføring av siste års budsjettarbeid.

### Overordna strategiske mål for organisasjonen:

- Auke det økonomiske handlingsrommet med eit årleg overskot på 3%
- Realisere potensialet som er synleggjort i analyse av PwC
- Gjennomføre prosjekt organisasjonsutvikling med mål om ein organisasjon som er rusta til å gje eit best mogeleg kvalitetsmessig og kostnadmessig tilbod.
- Gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskapelege tenester
- Effektivisere og forbetre tenestene gjennom bruk av IKT som verkty for organisasjonsutvikling og arbeide for å implementere *Digitaliseringsplattformen*
- Gjennom god plankompetanse og planstrategi styrke heilskapleg samfunnsbygging med vekt på folkehelse, kulturelt mangfald og miljø.
- Gjennom styrka kompetanse og ansvar for arbeid i høve politisk leiing sikre gode politiske prosessar frå informasjon til initiering av saker til vedtak; « *Demokrati heile vegen* »

### Prosjekt: Organisasjonsutvikling (OU)

Organisasjonsutviklingsprosjektet (OU) skal gå over fire år frå 2013 - 2016. Prosjektet byggjer på funn i organisasjonsanalysen som vart gjennomført i 2012 og har fire hovudpilarar: Organisering, leiing, kompetanse og system. Under kvart tema er det ulike prosjekt og satsingar. Arbeidet er basert på kontinuerleg fortbetring og innovasjon gjennom samskapte læringsprosesser.

Gjennom prosjektet skal organisasjonen arbeide for mellom anna å sikre at me organiserer arbeidet på best mogeleg måte, slik at me leverer rett teneste til rett mottakar til rett tid til lågast mogeleg kostnad.

Viktige satsingsområde er:

- Forenkle organisasjonen
- Tydeleg plassering av ansvar, funksjonar og oppgåver
- Utforme gode arbeidsprosessar
- Fleksibel bruk av kompetanse og ressursar
- Skape ein dynamisk organisasjon i utvikling
- Involvere brukarar, pårørande og frivillige
- Prioritere fagutvikling for å rekruttere og behalde gode medarbeidarar
- Utvikle utfordrande leiarskap

Prosjektet er eit program med fleire delprosjekt og prosessar under tema *organisering, leiing, kompetanse og system*.

Organisering: Hovudprosjekta under tema organisering er fullført i 2013-2014. Organisasjonsmodell, einings- og avdelingsstruktur, styringsdokument og roller og fullmakter er klarlagt.

Einingsvise delprosjekt er fullført og dannar grunnlag for våre utviklingsplaner. Arbeidet med å utvikle og effektivisere tenestene gjennom heilskapleg arbeid og betre samhandling på tvers pågår i

alle einingar. Sentrale styringsdokument er revidert og gjort kjent på alle nivå og leiaravtaler er inngått. Prosessar/dokument vert publisert på intranettet [Skyttelen](#).

Heilskapleg systematikk for klarare prioritering av oppgåver og ressursar er ein viktig målsetnad. Analysegrunnlaget bak prioriteringane i budsjettarbeidet er blitt betre og vil betre seg ytterlegare framover for å gje eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for økonomiplanarbeidet.

System: Hovudprosjekta i 2015 under tema system var internkontroll, kvalitetssystem, endringar i økonomistrukturar og HRM, kommunikasjon/ informasjon og digitalisering.

Vi har deltatt i KS programmet for rådmanns interkontroll og holder på med å innføre eit moderne kvalitetssystem som inkluderer risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) og avvikssystem. Det er utarbeida ein kommunikasjonsstrategi og kommunen har tatt i bruk sosiale media i informasjonsarbeidet. Kommunen ønskjer openheit og innsyn i forvaltninga. I dei siste åra er det tatt i bruk ny teknologi for å kunne imøtekomma dette på ein betre og sikrere måte. Elektronisk dokumentutveksling (EDU) er tatt i bruk og KS Svar Ut er under arbeid.

Digitalisering for å legge til rette for digitalt førsteval, digital dialog og effektive arbeidsprosesser er eit viktig strategisk mål for kommunen. God og sikker infrastruktur og velfungarande IKT drift er plattformen for ei slik utvikling. I 2015 har vi tatt nye steg for å nå måla. Helse og omsorg har tatt i bruk ulike varslingsystem, mobile løysingar og prøver ut ulike former for velferdsteknologi. Oppvekst har tatt i bruk ulike digitale pedagogiske verktøy og DBU har fått trådløst nett på skuleområdet. Samfunnsutvikling har fått på plass system for FDV adm. eHandelsplattformen vert stadig betre og fleire manuelle prosessar er erstatta med elektroniske verktøy som arbeidsflyt og digital godkjenning/signatur, digital post, elektronisk reiserekning og fráværsbehandling for å nemne noko. Fleire andre prosjekt er under arbeid.

Justering og forenkling av organisasjons- og ansvarsstrukturar i økonomisystemet i samsvar med delegeringsreglement og fullmakter har vore eit prioritert område i 2015. HRM og Økonomisystemet er sentrale styringssystem for sentrale prosessar og andre fagsystem. Systema er og basis for internkontrollen i kommunen. Endringane skal på sikt gje betre oversikt og vera grunnlag for effektivisering og betre styring.

Kompetanse og fag ligg som grunnmuren for prosjektet og for organisasjonen som tenesteyter og serviceorganisasjon. Menneska som utgjer organisasjonen er til ei kvar tid den viktigaste ressursen vi har for å løyse vår faglege hovudoppgåve. I 2015 har fagopplæring og leiaropplæring vore viktige satsingar. Ulike program for fagutvikling pågår innafor alle tenesteområde. Eige opplæringsprogram for alle leiarar er eit populært tiltak, i 2015 har fokuset vore på basiskunnskaper innan personal, sjukefráværsoppfølging og økonomi. Strategisk kompetanseutvikling og utvikling av kvalitetsstandardar er arbeid som heldt fram. Så også gevinstrealisering av tiltak, prosjekt og prosessar.

Leiing: Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen. Etter ny organisering skal det vere tydelege leiarnivå og kven som kan ta avgjerder på desse nivåa. I leiarprogrammet har klargjering av ansvar og mynde og rolleforståing stått sentralt. Kunnskap om relevante tema innan HR og økonomi er faste tema i tillegg til leiing av endringsprossessar og omstilling.

OU-dagen vart gjennomført i september med over 300 tilsette tilstades. Hovudtema var arbeidet med verdiar for organisasjonen og det var stort engasjement i gruppene. Fleitalet samla seg om dei fire verdiane respekt – tillit – kompetanse – løysningsorientert.

**HR**Stillingar/Årsverk

Tala er frå HRM systemet 31.12.2015 med utgangspunkt i alle som ligg i HRM med stillingsprosent og mottok fast løn pr 31.12.15. Det vil sei at vakante stillingar og ringevikarar ikkje er medrekna.

Personale som mottok fast løn pr. 31.12.2015: 443 personar, 329,91 årsverk

Antal årsverk og personar pr. 31.12.2015 utan vakante stillingar og vikariat:

|                                                              | 2015    |          | 2014    |          | 2013    |          |
|--------------------------------------------------------------|---------|----------|---------|----------|---------|----------|
|                                                              | Årsverk | personar | årsverk | personar | årsverk | personar |
| Rådmann/stab/ PPT, lærlingar, HTV og Frivillighetssentralen* | 25,1    | 31       | 23,95   | 33       | 23,31   | 30       |
| Skule                                                        | 68,52   | 86       | 74,02   | 92       | 78,31   | 99       |
| Barnehage                                                    | 44,5    | 47       | 44,4    | 48       | 38,5    | 42       |
| Heimetenesta                                                 | 59,29   | 82       | 65,67   | 92       | 69,6    | 98       |
| Sjukeheimstenesta                                            | 60,91   | 107      | 66,82   | 120      | 69,9    | 126      |
| Folkehelse og familie                                        | 22,11   | 28       | 19,8    | 25       | 21,8    | 27       |
| Samfunnsutvikling                                            | 49,48   | 62       | 47,95   | 58       | 47,73   | 66       |
| samla                                                        | 329,91  | 443      | 342,61  | 468      | 349,15  | 488      |

\*endra frå 2014/2013

Rekruttering

Antall faste tilsetjingar: Kommunen har tilsett i 14 faste stillingar og klarer generelt å rekruttere godt kvalifisert personar. Det er likevel tidvis vanskar med å rekruttere til natt- og helgestillingar i pleie og omsorg samt personar med høgare utdanning innan alle sektorar.

Vikarhenting er krevjande både innafor barnehage, skule og helse og omsorg,

Det var 47 tilsette som slutta i Vaksdal kommune i 2015, (mot 30 tilsette som slutta i 2014). Ved endringar i drifta som skaper overtalligheit har dei som er berørt vorte omstilt til andre stillingar i kommunen.

Uønska deltid

I tillegg til stillingsutvalet har kommunen gjennomført eit prosjekt om Heitidskultur i regi av Kommunal og regionaldepartementet med mål å bidra til å auke stillingsstørrelsane. Det er halde informasjonsdager med alternative arbeidstidsordningarsom tema og det er gjennomført kartlegging. I tillegg har ein prøvd ut alternative turnusar i heimetenesta avdeling Elvavegen. Her er den gjennomsnittlege stillingsstorleiken auka til 92%. Sjukeheimstenesta og heimetenesta var dei einingane med mest uønska deltid. Derfor har det vore stort fokus på auking av stillingar her. Prosjektet vart avslutta i desember 2015, men Heitidskultur er tatt med vidare i Lev Vel prosjektet.

Ved utgangen av året var gjennomsnittleg stillingsstorleik 74 %, ei auke frå 67% i 2010.

|                   | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|-------------------|------|------|------|------|------|------|
| Kommunen samla    | 0,67 | 0,72 | 0,72 | 0,73 | 0,74 | 0,74 |
| Heimetenesta      | 0,62 | 0,71 | 0,66 | 0,70 | 0,71 | 0,72 |
| Sjukeheimstenesta | 0,50 | 0,54 | 0,55 | 0,55 | 0,56 | 0,56 |

Gjennomsnittleg stillingsstørrelse

|                            | 2013     | 2013   | 2014     | 2014  | 2015     | 2015  |
|----------------------------|----------|--------|----------|-------|----------|-------|
| Under 40% stilling         | 86 pers  | 17,8 % | 80 pers  | 17,0% | 91 pers  | 20,54 |
| Mellom 40% og 99% stilling | 216 pers | 44,6 % | 196 pers | 41,7% | 180 pers | 40,63 |
| 100% stilling              | 182 pers | 37,6 % | 194 pers | 41,3% | 172 pers | 38,82 |

Alder:

55 år og eldre: 141 personar som utgjer 109,6 årsverk = 31,82 % av totalt antall tilsette

Under 30 år: 34 personar som utgjer 16,92 årsverk = 7,67 % av totalt antall tilsette

Seniorpolitikk: Det er 37 personar som har mottatt seniorbonus i 2015.

KLP:

AFP 62-65: Det er 1 person som har tatt ut delvis AFP og 4 personar som har tatt ut full AFP i 2015.

AFP 66-67: Det er 1 person som har tatt ut full AFP i denne aldersgruppa i 2015

Alderspensjon: Det er 6 personar som har gått av med alderspensjon gjennom KLP i 2015

Statens Pensjonskasse (SPK):

AFP 62-67: Det er 1 person som har teke ut delvis AFP i 2015

Alderspensjon: Det er 2 personar som har gått av med alderspensjon gjennom SPK i 2015.

Likestilling:

Som arbeidsgjevar har ein plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Av totalt 443 tilsette (vakante stillingar/ringevikarar er ikkje med) er 359 kvinner og 84 menn. Kvinnene utfører 257,33 årsverk og mennene 72,58 årsverk. I alt 329,91 årsverk (346,77 i 2014)

|         |     |         |                |
|---------|-----|---------|----------------|
| Kvinner | 359 | 81,03 % | 257,33 årsverk |
| Menn    | 84  | 18,96 % | 72,58 årsverk  |
| Sum     | 443 | 100 %   | 329,91 årsverk |

|                             |               |                  |
|-----------------------------|---------------|------------------|
| Rådmannsnivå/Einingsleiarar | Menn: 30 %    | Kvinner: 70 %    |
| Alle tilsette               | Menn: 18,96 % | Kvinner: 81,03 % |

Kompetanse

Vaksdal kommune arbeidar med å auke kompetansen på fleire område. Det er utarbeida kompetanseplanar innan helse og omsorg og på oppvekstområdet. Innan helse og omsorg er det 4 lærlingar i omsorgsarbeidarfaget, 5 sjukepleiar er i desentral utdanning. Kommunen har også 3 lærlingar innan oppvekstområde i barne og ungdomsarbeidarfaget og 1 i kontorlag.

(Tal frå 2014 i parents)

| Kompetansefordeling            | Personar  | Årsverk         |
|--------------------------------|-----------|-----------------|
| Ufaglært                       | 112 (124) | 59,91 (66,63)   |
| Fagutdanning                   | 143 (145) | 112,31 (112,03) |
| Høgskule/Universitetsutdanning | 188 (201) | 157,69 (168,04) |
| Total sum                      | 443 (470) | 329,91 (346,7)  |

HMT planen for 2015 viser overordna aktivitetane inna helse, miljø og tryggleiksarbeidet i kommunen. Lokale aktivitetar innan tenestekområde, einingar og avdelingar kjem i tillegg.

Kartlegging av arbeidsmiljøet skjer systematisk gjennom årlege vernerundar og medarbeidarundersøking kvart 2. år. Handlingsplaner etter desse kartleggingane vert utarbeida lokalt i einingane og lagt fram for arbeidsmiljøutvalet. Medarbeidarundersøkinga omhandlar også kompetanse, og er saman med medarbeidersamtalar eit verktøy for utarbeiding av kompetanseplanar.

Medarbeidarundersøkinga i 2015 gav eit snitt på 4,4 (1-6 der 6 er best) med resultat jevnt på 4-talet for heile organisasjonen. Svarprosenten var 74%. Samla resultat viser (samandrag rapport):

- Sett under eitt har vi godt nøgde arbeidstakarar i Vaksdal kommune
- Generelt høg trivsel og godt samarbeid med kollegaer
- Tilsette er veldig nøgd med inngaldet i arbeidet
- Pilane for organisering av arbeidet og fagleg /personleg peikra oppover
- Fysiske arbeidsforhold og især standarden på arbeidslokala kritiserast

Oppfølging av sjukefråver er sentralt i HMT planen og er tema på alle møter i AMU. Kommunen har eit høgt sjukefråver og AMU vedtok i mars-15 å utarbeide ein eigen handlingsplan for arbeid med sjukefråver, jf. eige sak. Planen tek utgangspunkt i IA –avtalen og er delt inn i førebygging, oppfølging og tilrettelegging basert på IA-måla. Tilbakemeldingane frå arbeidsplassane er at dette er ei naturleg inndeling. I samsvar med planen er det laga lokale handlingsplaner og det er etablert arbeidsmiljøgrupper i einingane. Tilbakemeldingane frå einingsleiarane er at det har tatt noko tid å etablere gruppene, men at arbeidet no er i god gjenge. Gjennomføring at tiltak på handlingsplanen og fortløpande evaluering av effektar av tiltaka er viktige oppgåver for dei lokale arbeidsmiljøgruppene.

Prosjektet om Heiltidskultur vart avslutta i desember 2015. Arbeidet med å bygge ein heiltidskultur er tatt inn som ein viktig del av Lev Vel i Vaksdal – prosjektet. Fleire tiltak tatt inn i drifta i samband med t.d turnusarbeid.

Bedriftshelsetenesta har vore ein aktiv medspelar gjennom heile fjoråret og har bidratt både i avdelingar og i individuelle saker. Barnevern, bufellesskapet og heimebaserte tenester er arbeidsplasser der bedriftshelsetenesta har vore med i utviklings –og arbeidsmiljørelatert arbeid.

Kommunen fekk ny pensjonsleverandør i fjor då DNB avslutta sine kundeforhold på offentlig pensjonar. Ny leverandør KLP (som allereie var pensjonsleverandør for sjukepleiarane) overtok porteføljen og overføringa var gjennomført innan september. Kundekontakt for noverande og tidlegare tilsette vart prioritert i overgangsfasen. Seniordagen planlagt i mai vart utsatt til i hausten, til gjengjeld fekk vi 2 dagar slik at det var god tid til generell informasjon og individuelle samtaler.


Rådmann har innført leiarprogram med fast månadleg halvdagsamling for leiarane i kommunen. I samarbeid med NAV Arbeidslivssenter har det vore to lokale kurs i tema relatert til sjukefråværsoppfølging.

Sjukefråveret for 2015 er framleis svært høgt og på tilsvarande nivå som tidlegare. Andre halvår er det ei viss reduksjon målt mot 2014.

| Eining             | 1 kv | 2 kv | 3 kv | 4 kv | 2015        | 2014 | Måltal |
|--------------------|------|------|------|------|-------------|------|--------|
| Barnehage          | 7    | 10   | 12,7 | 14,4 | <b>13,3</b> | 10,2 | 8      |
| Skule              | 6,1  | 5,5  | 1,6  | 5,6  | <b>4,8</b>  | 7,8  | 5      |
| Folkehelse/familie | 17,4 | 14,9 | 6,7  | 5,8  | <b>11,3</b> | 11,5 | 7,5    |
| Samfunnsutvikling  | 15,9 | 10,5 | 8,3  | 11,6 | <b>11,5</b> | 8,5  | 7      |
| Heimetenesta       | 14,5 | 14,3 | 12,9 | 13,8 | <b>13,8</b> | 14,4 | 9,5    |
| Sjukeheimstenesta  | 19,2 | 17   | 15,4 | 18,3 | <b>17,5</b> | 15,8 | 9,5    |
| Rådmann*           | 2,2  | 1,3  | 2,3  | 2,9  | <b>2,2</b>  | 1,9  | 2,5    |
| Kommunen samla     | 11,8 | 10,9 | 8,5  | 10,8 | <b>10,9</b> | 11   | 7      |

Barnehage har hatt eit stigande fråvær i året medan Folkehelse og familie har hatt ein gledeleg nedgang. Resten har relativt stabile tal, berre skule og rådmann når måltalet. Heimetensta og sjukeheimstenesta har framleis eit svært høgt sjukefråvær.

### Sjukefråvær kvartal og året frå 2007 -2015



### Kartlegging av sjukefråvær

Forsking viser at årsakene til sjukefråvær er samansette. I samband med satsinga «Saman om ein betre kommune» har FAFO på oppdrag av Kommunal og regionaldepartementet laga rapporten Kunnskapsstatus sykefravær (2013). Lenke til rapporten

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/prosjekter/saman\\_om\\_ein\\_betre\\_kommune/kunnskapsstatus\\_sykefravaer.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/prosjekter/saman_om_ein_betre_kommune/kunnskapsstatus_sykefravaer.pdf)

Om årsaker til sjukefråvær skriv FAFO: «Sykefravær er et komplekst felt som bestemmes av mange ulike faktorer på ulike nivåer og som påvirker hverandre på ulike måter, og med ulik styrke» og «sykefravær kan ha sine årsaker både i individet, i virksomheten og i samfunnet»

Kartlegging av sjukefråvær på individnivå er interessant for å finne mønstre og setje i verk målretta tiltak. Fråveret i organisasjonen har over tid primært vore knytt til langtidsfråvær, korttidsfråveret er lågt.

Langtidsfråver gir stor risiko for varig fråfall frå arbeidslivet og uførheit. Tidleg og tett oppfølging av den sjukemeldte er derfor avgjerande for å hindre lengre fråver. Våre funn krev tidegare og hyppigare dialog med den sjukemeldte enn det som er lagt til grunn i NAV sine retningslinjer for oppfølging.

Rådmann har nyleg presentert funn og behov for tett samarbeid i møter med både Nav og fastlegane. Både legane og Nav er positive og det er avtalt samarbeid og nødvendig bistand for å kunne arbeide målretta med oppfølging og tilrettelegging av tilsette som er sjukemeldt. Rutinene våre vert justert i samsvar med dette.

## Hovudtal drift

Under Fellesområde økonomi er all føring av avskrivning og motpost avskrivning vist. Sal av konsesjonskraft er ført her. Felleskostnader administrasjon/politisk og alle tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik, amortisering av tidlegare års premieavvik og bruk av premiefond .

Kommunen nytta kr 6,2 mill frå premiefondet og 1,9 mill frå fond i samband med skifte av pensjonsleverandør og egenkapitalinnskott i KLP. Føringa har medført eit større negativt avvik mot budsjett innan fellesområde, medan pensjonskostnadane er redusert i einingane tilslutta KLP. Dette er særskilt for 2015.

| Fellesområde økonomi / politisk | Rekneskap 2015 | Rev.budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|---------------------------------|----------------|-------------------|--------------------|------------|----------------|
| Sum                             | 20 811 150     | 15 580 992        | 21 980 992         | -5 230 158 | 12 713 610     |

### Tenesteområde helse og omsorg

Tenesteområdet vart tilført 6 mill i styrking av budsjettet i 2. tertial 2015. Den økonomiske utviklinga i 3.tertial var positiv og tiltaka som var sett i verk hadde effekt. Lågare pensjonskostnader enn budsjettet har og virka positivt i 2015. Tenesteområde fekk eit overskot på 3,8 mill og nytta såleis om lag 2,2 mill av ekstraløyvinga på 6 mill.

| Tenesteområde helse og omsorg | Rekneskap 2015 | Rev.budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|-------------------------------|----------------|-------------------|--------------------|------------|----------------|
| Felles helse og omsorg        | 2 108 730      | 5 000 000         | 3 000 000          | 2 891 270  | 11 028 819     |
| Folkehelse og familie         | 25 124 070     | 26 149 885        | 24 129 885         | 1 025 815  | 24 200 875     |
| Heimetenesta                  | 51 353 618     | 51 945 135        | 51 999 999         | 591 517    | 52 973 177     |
| Sjukeheimstenesta             | 50 690 487     | 50 015 010        | 48 015 010         | -675 477   | 52 359 356     |
| Sum                           | 129 276 905    | 133 110 030       | 127 144 894        | 3 833 125  | 140 562 227    |

Sjukeheimstenesta fekk tilført 2 mill i budsjettstyrking, og hadde i underkant av 0,7 mill i meirforbruk i 2015. Føresetnadene for å kome i budsjettbalanse i 2015 var at kapasiteten og lønnskostandene skulle reduserast til gitt ramme. Dette har tatt lenger til å få gjennomført, og avvik skuldast høgare lønnskostnader enn budsjettet

Folkehelse og familie fekk justert budsjetttramma med 2 mill grunna underskot innan barnevern, sosial og legeteneste. Positivt avvik i 2015 kjem i frå ekstra integreringstilskot mot slutten av året. Det har dekkja inn store delar av meirkostnader i andre tenester.

Heimetenesta hadde eit positivt avvik på omlag 0,6 mill. Eininga gjorde tilpassingar i løpet av året og kombinert med auka refusjon for ressurskrevjande brukarar gav dette eit mindreforbruk i 2015.

Overføring til AO-senteret ligg under felles helse og omsorg. Utgifter til samhandlingsreformen vart frå 2015 overført frå kommunar til helseføretaka. Dette medførte ein reduksjon på om lag 6,6 mill i forhold til 2014.

Tenesteområde oppvekst

Tenesteområde fekk eit overskot på kr 604.721 i 2015. Dette skuldast i hovudsak større refusjon frå andre kommunar enn venta og noko redusert bemanning på PPT gjennom året.

| <b>Tenesteområde oppvekst</b> | <b>Rekneskap<br/>2015</b> | <b>Rev.budsjett<br/>2015</b> | <b>Oppr.budsjett<br/>2015</b> | <b>Avvik 2015</b> | <b>Rekneskap<br/>2014</b> |
|-------------------------------|---------------------------|------------------------------|-------------------------------|-------------------|---------------------------|
| Felles oppvekst / PPT         | 2 995 279                 | 3 600 000                    | 3 600 000                     | 604 721           | 7 138 861                 |
| Skule                         | 50 142 706                | 50 100 002                   | 50 100 002                    | -42 704           | 47 875 120                |
| Barnehage                     | 22 182 970                | 22 224 999                   | 22 224 999                    | 42 029            | 21 899 663                |
| Sum                           | 75 320 955                | 75 925 001                   | 75 925 001                    | 604 046           | 76 913 644                |

Einingane Skule og Barnehage hadde mindre avvik i 2015. Avviket på Felles oppvekst/PPT kjem frå mellombels vakanse.

Tenesteområde samfunnsutvikling

Innafor tenesteområdet Samfunnsutvikling var det eit lite mindreforbruk innafor den ordinære drifta.

| <b>Tenesteområde Samfunnsutvikling</b> | <b>Rekneskap<br/>2015</b> | <b>Rev.budsjett<br/>2015</b> | <b>Oppr.budsjett<br/>2015</b> | <b>Avvik 2015</b> | <b>Rekneskap<br/>2014</b> |
|----------------------------------------|---------------------------|------------------------------|-------------------------------|-------------------|---------------------------|
| Samfunnsutvikling                      | 29 978 473                | 30 084 862                   | 29 959 998                    | 106 389           | 32 041 092                |
| Samfunnsutvikling - sjølvkost          | -3 008 447                | -                            | -                             | 3 008 447         | -2 890 372                |
| Sum                                    | 26 970 026                | 30 084 862                   | 29 959 998                    | 3 114 836         | 29 150 720                |

Innafor sjølvkostområdet (vatn, avlaup, renovasjon, slamtømming) viser rekneskapen her eit mindreforbruk på i overkant av 3 mill, men sjølvkostområdet sin del av avskrivningane utgjer i overkant av 2,5 mill. Det er utarbeidd eigen kalkyle for sjølvkostområdet.

## Vedlegg 1: Tenesteområde og einingar

### Tenesteområdet oppvekst

Tenesteområde oppvekst omfattar barnehagar, skular og PPT.

Eining barnehage har 4 kommunale barnehagar i sentra Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Barnehagen har ansvar for det pedagogiske tilbodet til det einskilde barn i barnehagen – i forståing og samarbeid med foreldre, jf Lov om barnehage. Kommunen betaler kompensasjon etter statleg sats til andre kommunar når born frå Vaksdal går i private barnehagar der. I tillegg betaler kommunen etter kommunestyrevedtak tilskot til Modalen kommune for borna frå Eidsland og Eksingedalen som nyttar barnehage i Modalen.

Eining skule har 5 skular fordelt på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. For elevane frå Eidsland krins kjøper kommunen skuleplassar i Modalen for dei som ynskjer det.

PPT er lagt direkte inn under kommunalsjef i organisasjonen med eigen fagleiar. PPT har òg ansvaret for Modalen kommune og Samnanger kommune. Kontoret er lokalisert på Dale.


| Tenesteområde oppvekst | Rekneskap 2015 | Rev.budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|------------------------|----------------|-------------------|--------------------|------------|----------------|
| Felles oppvekst / PPT  | 2 995 279      | 3 600 000         | 3 600 000          | 604 721    | 7 138 861      |
| Skule                  | 50 142 706     | 50 100 002        | 50 100 002         | -42 704    | 47 875 120     |
| Barnehage              | 22 182 970     | 22 224 999        | 22 224 999         | 42 029     | 21 899 663     |
| Sum                    | 75 320 955     | 75 925 001        | 75 925 001         | 604 046    | 76 913 644     |

Tenesteområde har eit regnskapsmessig overskot på kr. 604.046,-. Dette er høgare enn forventa ut frå rapportering i desember. Årsaka til dette skuldast i hovudsak større refusjon frå andre kommunar enn venta og noko redusert bemanning på PPT gjennom året.

Framover blir det viktig å kvalitetssikre budsjettet så godt som mogeleg og vidare gjennom god økonomistyring avdekke ev. avvik og justere drifta for å gå i balanse.

Førebels KOSTRA-tal viser at skulane i Vaksdal nytta om lag like mykje i driftsutgifter pr. elev som i 2014. Samanlikna med kommunegruppa nyttar vi noko mindre, medan vi nyttar meir enn landet elles.


For å tilpasse drifta ved skulane til budsjetttrammene har det vore naudsynt å redusera bemanninga. Frå 1. oktober 2014 til 1. oktober 2015 har eining skule redusert tal årsverk til undervisning med 5 årsverk. Dette fører til færre undervisningstimar til elevane og auka gruppestorleik pr. lærar (lærartettleik). Det er gledeleg å sjå at nær 100 % av all undervisning vert gjort av tilsette med godkjent utdanning.



Tabellen under viser eit meir detaljer ressursbruken i skulane i Vaksdal dei siste åra:

| Indikator og nøkkeltall                                                               | 2009-10 | 2010-11 | 2011-12 | 2012-13 | 2013-14 | 2014-15 | 2015-16 |
|---------------------------------------------------------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Årsverk for undervisningspersonale                                                    | 57,4    | 54,5    | 53,4    | 52,9    | 49,9    | 47,5    | 42,6    |
| Antall elever per årsverk til undervisning                                            | 9,4     | 9,8     | 10,2    | 9,9     | 10,7    | 10,8    | 13,0    |
| Antall assistentårsverk i undervisningen                                              | 11      | 10      | 10      | 11      | 11      | 11      | 10      |
| Antall elever per assistentårsverk i undervisningen                                   | 46,5    | 46,8    | 47,3    | 41,8    | 44,1    | 43,6    | 48,4    |
| Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk                                       | 18,4    | 19,0    | 19,3    | 21,1    | 21,1    | 22,1    | 23,5    |
| Lærertetthet 1.-7. trinn                                                              | 9,9     | 10,3    | 10,1    | 10,3    | 11,0    | 11,1    | 14,4    |
| Lærertetthet 8.-10. trinn                                                             | 11,4    | 12,5    | 13,9    | 12,3    | 13,4    | 13,2    | 13,9    |
| Lærertetthet i ordinær undervisning                                                   | 13,6    | 13,8    | 14,1    | 12,8    | 14,2    | 14,3    | 16,9    |
| Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 97,2    | 97,9    | 94,2    | 96,7    | 99,4    | 96,0    | 99,7    |
| Lærertimer som gis til undervisning                                                   | 36 980  | 34 995  | 34 123  | 33 593  | 30 870  | 30 228  | 26 338  |
| Undervisningstimer totalt per elev                                                    | 75      | 72      | 70      | 72      | 66      | 66      | 54      |

Gjennom prosjektet Kvalitet i skulen har skulane og PPT dei siste åra hatt fokus på tidleg innsats og tilpassa opplæring. Det systematiske og gode samarbeidet mellom PPT og skule viser ytterlegare reduksjon i del av undervisningstimane som vert gjeve til spesialundervisning. Vaksdal har ein reduksjon som gjer at vi ligg lågare enn både kommunegruppa og landet elles. Når det gjeld del elevar som får spesialundervisning så er den òg redusert frå åra før. Vi ligg no under kommunegruppa, men framleis over landet elles.



PPT har om lag same tal saker som i 2014 og kan difor i større grad nytte ressursane sine til systemretta arbeid som PALS/DUÅ og ressursteam i skule og barnehage.

Vi har dei siste åra i større grad klart å vri spesialundervisning til tilpassa opplæring, slik målet er. PPT har dette året i hovudsak hatt ventelister på inntil 3 månader for oppstart av nye saker, ei ventetid som er i innafør lovverket.

I 2015 er det utarbeida eit folkehelseoversyn for Vaksdal kommune, deriblant for born og unge, og ungdomsskulane har gjennomført kartlegginga UngData. Informasjonen som ligg i dette materialet skal vera grunnlag for å planleggja felles tiltak på tvers av avdelingar, einingar og tenesteområde for å betra oppvekstvilkåra i kommunen.

Det er i 2015 utarbeida eit kvalitetsvurderingssystem for godt læringsmiljø og betre læringsutbytte i barnehagane og skulane i Vaksdal. Barnehage- og skuleeigar, det vil seie administrasjonen og politikarar, har ansvar for å følgje opp og forbetra kvaliteten på læringsmiljøet og læringsutbytte i tett dialog med barnehagar og skular. Målet med kvalitetsvurderinga er at borna og elevane skal få eit godt læringsmiljø og best mogeleg læringsutbytte.

Kvalitetsdialogane i barnehagane og skulane har hatt fokus på kva vi veit (frå forskning, resultat frå brukarundersøkingar, elevundersøkinga, nasjonale prøvar, observasjonar mm.), kva vi får til/kva vi

kan verta betre til og korleis vi kan endra praksis. Det har vore ulike tema på kvalitetsdialogane i barnehage og skule, men budsjettmåla har vore styrande. Ved å samanstille informasjon og data, har ein danna seg eit bilete av tilstanden i kommunen. Det er gjennomført kvalitetsdialogar i alle barnehagar og skular i 2015.

Kvalitetsvurderingssystemet og kvalitetsdialogar er eit resultat av leiarutdanningsprogrammet, i regi av Midthordland kompetanseregion og i samarbeid med KS-kosulent, der det er sett fokus på dei gode og kvalitetsutviklande møteplassane for betra kvalitet i barnehage og skule, kvalitetsvurdering som organisasjonslæring.

I barnehagane har det òg vore gjennomført kommunalt tilsyn i 2015. Fokus for tilsynet var barnehagen sitt innhald og eit utval lovparagrafar i høve personalet og ulike rutinar. Føremålet med tilsynet er å vera eit verkty for å sikra barn gode oppvekstvilkår og skal kvalitetssikra at barnehagen driv i høve lover, forskrifter og kommunale vedtak. Barnehagane viste gjennom tilsynet særst godt arbeid når det gjeld barnehagen sitt innhald og gode rutinar knytt til andre lovparagrafar. Eit mindre avvik i høve rutinar knytt til tuberkulose vart avdekket. Avviket er retta opp i og lukka. Tilsynet i barnehagane er eit samarbeid gjennom Midthordland kompetanseregion.

I tillegg til kvalitetsvurderinga i barnehage og skule og tilsyn i barnehage vert kvalitet i skule òg målt gjennom ulike undersøkingar og målingar som elevundersøkinga, nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Vidare følgjer resultat frå elevundersøking, nasjonale prøvar og grunnskulepoeng.

| <i>Elevundersøkinga</i> | Årssteg | Vaksdal<br>2013/2014 | Vaksdal<br>2014/2015 | Vaksdal<br>2015/2016 | Nasjonalt<br>2015/2016 |
|-------------------------|---------|----------------------|----------------------|----------------------|------------------------|
| <i>Trivsel*</i>         | 7.      | 4,5                  | 4,3                  | 4,2                  | 4,4                    |
|                         | 10.     | 4,2                  | 3,8                  | 4,3                  | 4,2                    |
| <i>Mobbing*</i>         | 7.      | 1,0                  | 1,4                  | 1,1                  | 1,2                    |
|                         | 10.     | 1,3                  | 1,3                  | 1,1                  | 1,2                    |

\* For *trivsel* er beste skår 5, medan for *mobbing* er beste skår 1.

Resultata for korleis elevane trivst på skulane i Vaksdal på 7. og 10. årssteg er framleis gode sjølv om ein ser ein nedgåande tendens på 7. årssteg. 10. årssteg skorar litt ujamt frå år til år, men for 2015 er trivnaden betre enn landet elles.

|                         | Vaksdal<br>2010/2011 | Vaksdal<br>2011/2012 | Vaksdal<br>2012/2013 | Vaksdal<br>2013/2014 | Vaksdal<br>2014/2015 | Landet<br>2014/2015 |
|-------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|---------------------|
| <i>Grunnskulepoeng*</i> | 37,6                 | 37,2                 | 36,3                 | 38,6                 | 37,3                 | 40,8                |

\* Grunnskulepoeng er gjennomsnittskaraktar for elevane x 10

Grunnskulepoenga for elevane som går ut av 10. årssteg er framleis svake og medan resten av landet auka grunnskulepoeng, gjekk Vaksdal i 2015 litt tilbake. Det er arbeida med analyse av avgangskaraktarar og tiltak for å betra desse.

#### Gjennomsnitt skalapoeng, nasjonale prøvar 2015 - resultat frå 2014 i ( ) viss endringar til 2015


| 5. årssteg | Vaksdal | Hordaland | Landet | 8. årssteg | Vaksdal | Hordaland | Landet |
|------------|---------|-----------|--------|------------|---------|-----------|--------|
| Lesing     | 46 (51) | 49 (50)   | 50     | Lesing     | 47 (48) | 50 (49)   | 50     |
| Rekning    | 49 (52) | 50        | 50     | Rekning    | 49 (52) | 50 (49)   | 50     |
| Engelsk    | 49 (51) | 49        | 50     | Engelsk    | 48 (49) | 50 (49)   | 50     |

Tabellane over viser at skulane i 2015 skora lågare enn fylket og nasjonalt nivå på alle dei nasjonale prøvane både på 5. årssteg og 8. årssteg. Svakast resultat var det i lesing på 5. og 8. årssteg samanlikna med landet.

I tilstandsrapport som vert lagt fram våren 2016 vil ein gå grundigare inn i mål, tiltak og resultat i høve kvaliteten i skulane i Vaksdal, både når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

Vi har bak oss første års drift av nye barnehagar på Vaksdal og Stanghelle. Det har gjort kvardagen til både borna og dei tilsette godt. Tal barn i barnehage har vore stabilt dei siste åra, med ein liten topp i 2014 (198). Nokre barn i kommunen går i barnehage i Modalen, nokre få i andre nabokommunar. Totalt 172 barn hadde plass i barnehagane i kommunen ved utgangen av 2015.

Førebels KOSTRA-tal for barnehage viser at Vaksdal har dei siste åra hatt ei jamn auke i ressursbruk. Tidlegare år har vi lagt ein del under både kommunegruppa og landet elles, medan barnehagane i 2015 nytta om lag same ressurs pr. barnehagebarn som kommunegruppa og resten av landet. Auke i tal born i 2014/2015, og då spesielt auke av born under 2 år, er noko av årsaka til auka trong for ressursar til bemanning.



Tabellen under viser del born i barnehagen i ulike aldersgrupper, del minoritetspråklege og opphaldstid samanlikna med kommunegruppa og landet elles.

|                                                           | Vaksdal 2012 | Vaksdal 2013 | Vaksdal 2014 | Vaksdal 2015 | KG 3 2015 | Landet 2015 |
|-----------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|-----------|-------------|
| Del barn 1-5 år med barnehageplass                        | 82,9         | 82,0         | 87,3         | 82,3         | 89,8      | 90,4        |
| Del barn 1-2 år m bhg.pl i f.t. barn 1-2 år               | 55,2         | 54,9         | 71,4         | 62,8         | 55,4      | 39,1        |
| Del barn 3-5 år med bhg.pl i f.t. barn 3-5 år             | 91,8         | 93,0         | 94,7         | 95,9         | 71,2      | 50,4        |
| Del minoritetspråklege born i f.t. innvandrar born 1-5 år | 73,7         | 76,7         | 85,2         | 71,9         | 77,1      | 74,0        |
| Del i bhg med opph.tid 33 t el.meir pr veke               | 87,7         | 91,1         | 91,7         | 91,3         | 93,7      | 96,7        |

Del born 1-5 år med barnehageplass viser ein nedgang med 5 % frå 2014 til 2015, og Vaksdal ligg under både kommunegruppa og landet elles.

Tabellen viser fordelinga av born i barnehagane i Vaksdal ved utgangen av 2015

|                  | 0 år (2015) | 1 år (1.9 - 31.12.14) | 1 år (1.1 - 31.8.14) | 2 år (2013) | 3 år (2012) | 4 år (2011) | 5 år (2010) | Sum |
|------------------|-------------|-----------------------|----------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----|
| Dale bhg         | 0           | 0                     | 0                    | 3           | 7           | 11          | 12          | 33  |
| Stamnes bhg      | 0           | 1                     | 2                    | 2           | 4           | 3           | 0           | 12  |
| Knutatunet bhg   | 0           | 0                     | 12                   | 19          | 10          | 16          | 20          | 77  |
| Vaksdal bhg      | 0           | 0                     | 8                    | 7           | 13          | 11          | 11          | 50  |
| Modalen bhg      | 0           | 0                     | 0                    | 1           | 2           | 0           | 0           | 3   |
| Sum              | 0           | 1                     | 22                   | 32          | 36          | 41          | 43          | 175 |
| Busett i Vaksdal | 55          | 47                    |                      | 39          | 37          | 43          | 43          | 264 |

Hausten 2015 hadde Vaksdal barnehage 3 avdelingar, Knutatunet barnehage 5 avdelinga, Dale barnehage 2 avdelingar og Stamnes barnehage 1 avdeling.

## Barnehage

### VISJON

*I barnehagen vår vert alle sett og verdsett, me er blant dei beste på samarbeid mellom barnehage, heim og lokalsamfunn. Barnehagen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande.*

### Økonomi

|           | Rekneskap<br>2015 | Rev.budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Avvik 2015 | Rekneskap<br>2014 |
|-----------|-------------------|----------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Barnehage | 22 182 970        | 22 224 999           | 22 224 999            | 42 029     | 21 899 663        |

Eininga si utfordring har vore lønnskostnader, særleg variabel løn knytt til sjukefråver tidleg på året og etterslep på ferie og avspasering.

### Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

#### ***Føresette og born skal føle seg velkomen og ivaretatt i barnehagen***

Dei tilsette har stort fokus på at born og føresette skal føle seg velkomne, og særleg i kvardagen der ein møter føresette i bringe- og hentesituasjon. Barnehagane freisa gjennom brukarundersøking hausten 2015 å få innspel frå føresette korleis deira oppleving var. Deltakinga var låg (24 %), men svara er gått gjennom med personalet og dei føresette og ein har laga plan for forbettringsområder. Dette gjeld i første rekkje informasjon om tilbodet og å leggje til rette for medverknad.

#### ***Fagområdet språk og kommunikasjon skal vera synleg i daglege aktivitetar og lek***

Alle barnehagane driv jamlege språkgrupper etter metoden «Grep om begreper». I tillegg nyttar barnehagene òg andre metodiske opplegg og har fokus på dei gode samtalan i kvardagen. Barnehagane nyttar god visuell støtte i lokala og har god tilgang på bøker.

#### ***Skapa felles holdningar og arbeidsmåtar i personalet for å fremje meistring og positive relasjonar ho alle born***

Barnehagane har fortsett satsinga på det systematisk arbeid med De Utrolige Årene i kvar barnehage med oppfølging og rettleiing. Ein kan sjå igjen arbeid og bruk av DUÅ saman med borna på alle avdelingane i barnahagane i Vaksdal. Hausten 2015 har PPT hatt kurs med ei oppsamlingsgruppe med DUÅ for dei få som mangla kurset. Dette skapar felles forståing og felles rutinar i samhandlinga med borna.

I det kommunale tilsynet 2015 var det hovudfokus på Barnehageloven § 2: «*Barnehagens innhold*». Alle barnehagane i Vaksdal oppfylte krava i lova og gjennom intervju med dei tilsette vart det skildra korleis barnehagen arbeida på ein god måte. Det vart vist til korleis ein i arbeidet tek omsyn til alder, funksjonsnivå, kjønn og ulike sosiale og kulturelle bakgrunnar. Tema for intervjuet var òg korleis barnehagen arbeider med å gje borna grunnleggjande kunnskapar, korleis ein formidla verdiar og kultur og korleis ein arbeida med å utjamne sosiale forskjellar. Ved synfaring i barnehagane kunne ein sjå igjen visuelt det dei tilsette hadde formidla i intervjuet. Planarbeidet i barnehagane er òg godt gjennomarbeida viser tilsynet.

### Tilsette/HMT

Det har vore jamnleg fokus på sjukefråvæ i alle personalgrupper. Det er òg starta arbeidsmiljøgruppe i barnehagen og dette arbeidet er sær positivt. Likevel har sjukefråværet auka noko sidan førre år og resultatet enda på 1338 % i 2015, medan målet var 8 %. Barnehagen gjennomførte vernerundar i 2015 og dei fleste tilsette har hatt medarbeidersamtalar. Barnehagane hadde i 2015 42,5 årsverk.

## Skule

*Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande*



### Økonomi

|       | Rekneskap<br>2015 | Rev.budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Avvik 2015 | Rekneskap<br>2014 |
|-------|-------------------|----------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Skule | 50 142 706        | 50 100 002           | 50 100 002            | -42 704    | 47 875 120        |

Den store budsjettauken frå 2014 til 2015 skuldast at midlar ført på fellesområde er flytt til skulane sitt ansvar, største postane her er skuleskyss og budsjett for gjesteelevar i Modalen kommune.

### Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

#### ***Foreldre/føresette opplever godt samarbeid med låg terskel for formell og uformell kontakt om elevane si faglege og sosiale utvikling.***

Skulane arbeider systematisk med elevane sitt skulemiljø, jf. internkontroll §9a og dette fungerer godt. Ein nyttar eit årshjul som kvalitetsikrar at arbeidet vert gjennomført. Ved stadig utvikling av arbeidet med PALS (Positiv Adferd støttande Læringsmiljø og Samhandling) ser ein at kontakten frå skulen til føresette er i mykje større grad positivt retta no enn før. Likevel er det ei utfordring at ikkje alle skulane har gjennomført foreldregranskningar og at enkelte skular som har gjennomført den, har svært låg svarprosent frå føresette.

#### ***Elevane opplever seg trygge og anerkjente i skulekvardagen***

Alle skulane nyttar no systematisk arbeid med PALS som verktøy for auka sosial utvikling og PPT gjev jamleg rettleiing. Skulane gjev gode tilbakemeldingar på at arbeidet med PALS fungera godt. Elevane si oppleving vert grundigare presentert i tilstandsrapport 2016.

#### ***Medarbeidarar i skulen skal vidareutvikla eigen praksis i medskaping med kollegaer for å fremja læring for elevane***

Leiarane i skulen har delteke på eit opplæringsprogram knytt til å utvikla lærande møteplassar, KS konsulent har vore medspelar og arbeidet har vore nyttig og lærerikt. Alle skulane legg til rette for lærande møte, nokon òg på elev- og foreldrenivå. Det er òg oppretta nettverk for lærarar i faga norsk, engelsk og matematikk på tvers av skulane for å kunne styrka kompetanse og undervisningspraksis. Nettverksarbeidet vert evaluert ved nytt år.

Vurdering for læring starta ein opp med på planleggingsdag i august. PPT kom med svært mange gode innspel, som ein arbeider vidare med både på den enkelte skule og i nettverk.

Eksingedalen skule og Dale barne-og ungdomsskule deltek i den nasjonale ungdomstrinnsatsinga. Ein nyttar ekstern hjelp frå Høgskulen Stord/Haugesund, som leiar arbeidet. Ein har òg lokal ressurslærar som hjelper til internt. Lærarane får mellomarbeid som ein skal prøva ut til neste samling. Lesing i alle fag er satsingsområdet.

### Tilsette/HMT

Vernerunde er gjennomført og HMT-plan er utarbeidd. IA- tiltaksplan er laga. Ikkje alle tiltak er gjennomførte. Sjukefråværet er lågare enn målsetjinga for einiga og samla for 2015 er den 4,8 %. Dette er vi særst nøgd med. Det er ikkje meldt inn avvik i høve ulukker og liknande.

### Tenesteområde helse og omsorg

Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper. Målsetnaden er at den enkelte i størst mogleg grad skal kunne delta og meistra daglege aktivitetar.

#### Økonomi

| Tenesteområde helse og omsorg | Rekneskap 2015 | Rev.budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|-------------------------------|----------------|-------------------|--------------------|------------|----------------|
| Felles helse og omsorg        | 2 108 730      | 5 000 000         | 3 000 000          | 2 891 270  | 11 028 819     |
| Folkehelse og familie         | 25 124 070     | 26 149 885        | 24 129 885         | 1 025 815  | 24 200 875     |
| Heimetenesta                  | 51 353 618     | 51 945 135        | 51 999 999         | 591 517    | 52 973 177     |
| Sjukeheimstenesta             | 50 690 487     | 50 015 010        | 48 015 010         | -675 477   | 52 359 356     |
| Sum                           | 129 276 905    | 133 110 030       | 127 144 894        | 3 833 125  | 140 562 227    |

Tenesteområdet hadde eit stort meirforbruk 1.halvår, dette skuldast både meirkostnader innan folkehelse og familie (barnevern, Nav sosial) og manglande gjennomføring av planlagde tiltak i sjukeheimstenesta og heimetenesta. Pr. andre tertial var budsjettet justert med 6 mill, dette vart fordelt der avvika var størst på sjukeheimstenesta (2mill), folkehelse og familie(2mill) og med ein rest på fellesområde(2mill). Tenesteområda har i tillegg fått reduserte pensjonskostnader i 1015 grunna bruk av premiefondet.


Den økonomiske utviklinga utover hausten var positiv og tiltaka som var sett i verk hadde effekt. Sjukeheimseininga enda på eit underskot på kr 675.400. Folkehelse og familie fekk inn ekstra integreringstilskot mot slutten av året som dekkja inn store delar av meirkostnader i andre tenester. Det medførte eit mindreforbruk på vel 1 mill.

Heimetenesta fekk meir refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettet og enda med eit mindreforbruk på kr 591.517.

Arbeidet med endringar og tilpassing av drifta har gitt effekt i 2015 og har sikra eit betre grunnlag for inngangen av 2016. Enkelte effektiviseringstiltak har vorte gjennomført som følgje av godt samarbeid mellom einingar, og dei tilsette har stått på og gjort ein imponerande jobb i desse prosessane.

Tenesteområde fekk eit overskot på 3,8 mill for året og nytta såleis om lag 2,2 mill av ekstraløyvinga på 6 mill.

Beleggsprosent korttidsavdelinga 2014 og 2015:



## **Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon**

### **Igangsetja nye tiltak og tenester med førebyggjande og rehabiliterande fokus og starta kvardagsrehabilitering.**

Det vart planlegging, opplæring og oppstart av kvardagsrehabilitering, og i 2016 vert kvardagsrehabilitering innført som ei teneste.

Psykiatritenesta har starta to nye grupper for sine brukarar, og brukarane er fornøyde med tilbodet. Under prosjektet «Lev Vel i Vaksdal – Meistring og deltaking heile livet» vert det jobba med metodar, tilrettelegging og hjelpemiddel som skal virka førebyggjande og rehabiliterande.

Heimetenesta har teke i bruk enkle hjelpemiddel som bidreg til at brukarar vert meir sjølvhjelpne, t.d. ved dusjing. Sjukeheimstenesta har integrert varslingshjelpemiddel i dagleg drift på dei aktuelle avdelingane, t.d. bruk av sengematter og golvsensor.

### **Samarbeid med tenesteområde oppvekst for å betra oppvekstvilkåra i kommunen.**

Me samarbeidar med tenesteområde oppvekst m.a. gjennom «Trafikksikker kommune» og rusførebyggjande og tverrfaglege team. Folkehelseoversyn for kommunen er utarbeida, og Vaksdal deltok i 2015 for første gong i «Ungdata»-undersøkinga som gir verdifull informasjon om korleis dei unge i kommunen har det. Tilskotsmidlar gjorde det mogeleg å oppretta kommunepsykologstilling (40 %) for barn og unge i kombinasjon med stilling i PPT. Kommunalsjefane har saman med helsesøster delteke på nettverk for folkehelse i regi av KS.

### **Arbeida vidare med tiltak og planar frå OU-arbeidet.**

Forprosjektperioden til prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» starta i juni 2015. Forprosjektet skal utgreia og planleggja utvikling av ressursbase for demens ved Vaksdal sjukeheim og Helsehus ved Daletunet. Fylkesmannen ga i 2015 tilskot på kr. 700.000,- til forprosjektet, og det vart inngått samarbeid med forskarar frå Senter for omsorgsforskning Vest, Senter for Nyskaping og Institutt for byggefag og elektro ved Høgskolen i Bergen. Tilskotsmidlar vart nytta til kompetanseheving for mange tilsette i einingane. Det har vore to store samlingar med fokus på utviklingsarbeid for alle tilsette i tenesteområdet i 2015. Tilsette har vore aktive på samlingane og har gitt gode attendemeldingar på opplegget.

### **Tilby personar med demens dagplass på eiga dagavdeling.**

Vidare planlegging vert kobla til oppretting av Ressurssenter for demens ved Vaksdal sjukeheim. Personar med demens har som før tilbod om dagplass ved dei tre eksisterande dagavdelingane.

### **Ei tverrfagleg samansett gruppe som har gjennomgått kursrekkja i helsepedagogikk**

Det vert jobba målretta med kompetanseheving i tråd med kompetanseplan, både gjennom kurs, kursrekkjer, vidareutdanning og deltaking i nettverk. Fleire tilsette har hatt kursrekkja i helsepedagogikk.

Kriseteamet har i løpet av året vorte profesjonalisert med tett samarbeid med RVTS (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging). Det er tverrsektorielt samansett av 12 personar og har hatt to møte samt ein fagdag. Kriseteamet vart utkalla ein gong i 2015. Dei gjorde ein god jobb, og dei hadde tett og godt samarbeid med andre etatar.

Det har vore fleire hendingar i løpet av året som har gitt konsekvensar for drifta i einingane, fleire ras, stengde vegar og straumbrot. Einingane har takla dette godt, og rutinar vert følgde for å sikra at pasientar får naudsynt helsehjelp og omsorg.

Tre lærlingar og ein praksiskandidat har bestått fagprøve i helse- og omsorgsfaget.

Sjukefråværet har også i 2015 vore høgt. Det er lite korttidsfråvær, men høgt langtidsfråvær. Einingane har stort fokus på å følgja opp sjukemelde, og Arbeidslivssenteret og Bedriftshelsetenesta bidreg i dette arbeidet. Det er utarbeida handlingsplanar, og einingane har etablert arbeidsmiljøgrupper som skal jobba for godt arbeidsmiljø og auka jobbnærvær.

## Heimetenesta

Brukarane av tenesta skal få bu heime så lenge som mogleg. Eininga har serviceerklæringar på dei ulike tenestene og tildeler tenester etter individuell vurdering. Eininga er tufta på verdiar som respekt, omsorg og likeverd.

### Økonomi


|              | Rekneskap<br>2015 | Rev.budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Avvik 2015 | Rekneskap<br>2014 |
|--------------|-------------------|----------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Heimetenesta | 51 353 618        | 51 945 135           | 51 999 999            | 591 517    | 52 973 177        |

Første halvår var arbeidskrevjande med mange brukarar som hadde behov for helsehjelp. I same periode hadde eininga vakante stillingar, noko som førde til overtid og inntak av vikarbyrå. Det var behov for å tilpasse drifta til løyvingane og det vart sett i verk ulike tiltak for å redusera utgiftene. Med auka refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar og tilbakebetaling frå KLP førte det til at eininga fekk eit overskot på kr 591.517,-


Vaksdal har framleis fleire tenestemottakarar i aldersgruppa 80+ enn kommunegruppe 2 og 3, fylket og landet og færre i alderen 0-66 år

Bistandsbehovet i gruppa 80 år og eldre er lågare i Vaksdal.

Heimetenester pr brukargruppe



Andelen heimebuande med omfattande bistandsbehov



**Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon**

- Dagsenter for heimebuande personar med demens skal vera i drift.
- Innføra kvardagsrehabilitering.
- Auka kompetanse innan helsepedagogikk.
- Betre utnytting av dataverktøyet PPS (sjukepleiarprosedyrar).
- Implementera teknologiske hjelpemiddel.
- Redusera sjukefråværet.

I byrjinga av året starta heimesjukepleien med nettbrett. Saman med innføring av multidose året før, førde dette til effektivisering av delar av tenesta. Starten av året var samstundes prega av stor arbeidsmengde og mange brukarar. Fram mot sommaren vart det ein reduksjon i brukarar, og ein kunne setja i verk ulike tiltak som saman med effektiviseringstiltaka førte til reduksjon i utgifter. Døme på dette er at ein har teke i bruk enkle hjelpemiddel som gjer at brukarar lettare kan hjelpe seg sjølv. Ein har gjort om på arbeidsmetodar slik at ein kan utnytte ressursane på ein betre måte, t.d. endra køyreruter, og ein har slutta å utføra enkelte oppgåver som ikkje er lovpålagte.

Det har vore opplæring i kvardagsrehabilitering saman med folkehelse og familie. Gjennom året er metoden testa ut på nokre brukarar, og i løpet av neste år vil metoden innførast som ei teneste. I samband med dette har fleire tilsette delteke på grunnkurs og vidaregåande kurs i helsepedagogikk.

Start av dagsenter for demente er utsett fordi det skal sjåas i samanheng med prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» og etablering av Ressurssenter for demens ved Vaksdal sjukeheim. Det er holde oppdateringskurs innan legemiddelhandtering for sjukepleiarar og tilsette med medisinkurs.

Sjukefråværet i eininga har vore høgt med 13,8 %, og det har variert kva for avdeling som har hatt det høgaste fråværet gjennom året. Totalt er fråværet i 2015 litt lågare enn dei to føregåande åra.

Forvaltningsrevisjon i heimesjukepleien er utført på bestilling frå kontrollutvalet. Føremålet var å undersøkje om kommunen hadde tilfredstillande heimebaserte tenester i samsvar med mål, i kva grad organisering er føremålstenleg, og om dei økonomiske måla vert nådd. Ein såg også på om tildelinga av heimetenester er i samsvar med krav i forvaltningslova. Konklusjonen var at kostnadsutviklinga for heimetenestene har vore aukande, men at det var sett i gang mange gode tiltak knytt til å redusera kostnader og betra tenester. Forbettringspotensialet var i hovudsak knytt til å sikra oppdaterte rutinar, finna fleksible løysingar for å redusera køyretid, arbeida vidare med å finna og setja i verk tiltak for å redusera sjukefråværet og vurdere om det er trong for å avklara nærare Forvaltningskontoret sine oppgåver opp mot andre tenesteeiningar.

Tal brukarar av ulike tenester:

|                     | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---------------------|------|------|------|------|
| Heimehjelp          | 204  | 201  | 194  | 197  |
| Heimesjukepleie     | 220  | 231  | 255  | 183  |
| Dagsenter           | 52   | 50   | 59   | 63   |
| Tryggleiksalarm     | 148  | 156  | 162  | 155  |
| Matombringning      | 43   | 68*  | 81*  | 83*  |
| Avlastning          | 8    | 11   | 10   | 14   |
| Støttekontakt       | 22   | 23   | 15   | 21   |
| Omsorgsløn          | 15   | 14   | 14   | 14   |
| Personleg assistent | 9    | 9    | 11   | 10   |

\*Inkludert middag i kantine på Daletunet

**Tilsette/HMT**

Vernerundar vart gjennomført i mars, og medarbeidarundersøking vart utført på våren. Det vart laga handlingsplanar knytt til desse. Medarbeidersamtaler er delvis blitt utført.

| Tilsette                         | 2012        | 2013           | 2014                         | 2015**                       |
|----------------------------------|-------------|----------------|------------------------------|------------------------------|
| Administrasjon/Forvaltning       | 4,4         | 4,1            | 4,1                          | 3,7                          |
| Heimesjukepleie/praktisk bistand | 39          |                |                              |                              |
| Heimesjukepleie                  |             | 29,6           | 30                           | 28,2                         |
| Praktisk bistand                 |             | 8              | 8                            | 8                            |
| Dagsenter                        |             |                |                              | 2,26                         |
| Elvevegen/Avlastning             | 19,1        | 20,5           | 20,5 (2,4)*                  | 19 (2,4)*                    |
| BPA                              | 3,1         | 3,6075         | 3,1075                       | 2,1556                       |
| <b>Totalt</b>                    | <b>65,6</b> | <b>67,2075</b> | <b>67,1075<br/>(69,5075)</b> | <b>63,3156<br/>(65,7156)</b> |

\* 2,4 årsverk knytt til langturnus

\*\* Årsverk ved årets slutt

Totalt er det ca. 100 tilsette i eininga, 8 av dei menn som arbeider i bueininga for funksjonshemma. Det er omtrent like mange tilsette i eininga som året før, men ein har redusert nesten 3,8 årsverk. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er ca. 66%, høgast på bufellesskapet Elvavegen med ca. 82%. Her har ein i løpet av året hatt alternative turnus som er godkjent av Arbeidstilsynet.

| Sjukefråveret | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---------------|------|------|------|------|
| Heimetenesta  | 9,8  | 14,7 | 14,4 | 13,8 |

Sjukefråværet viser ein liten nedgang, men det er framleis høgt. Det er hovudsakleg langtidsfråværet som er høgt. Ein arbeider systematisk med sjukefråværoppfølging og tilrettelegging av arbeid.


**Sjukeheimstenesta**

Eininga skal driftast innan kvalitetskrav og lovmessige og økonomiske føringar. Sjukeheimstenesta må leggja til rette for å oppfylle målsetninga om at alle skal få bu heime så lenge som mogleg.

**Økonomi**

|                   | Rekneskap<br>2015 | Rev.budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Avvik 2015 | Rekneskap<br>2014 |
|-------------------|-------------------|----------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Sjukeheimstenesta | 50 690 487        | 50 015 010           | 48 015 010            | -675 477   | 52 359 356        |

Grunna eit stort underskot i første halvår fekk eininga ei budsjettjustering ved 2. tertial på 2mill kr. Avrekninga frå KLP ga og positiv justering av rekneskapsavviket. Eininga har hatt eit stramt budsjett, og det har vore fokus på økonomistyring. I løpet av året er det redusert 4 sjukeheimplassar i samsvar med budsjettvedtaket. Samnanger kommune leigde ei sjukeheimsgruppe ved Vaksdal sjukeheim heile 2015.

**Plasser korttid, demens og rehabilitering/habilitering**

**Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon**

- Det skal arbeidast med alternative turnusar. Eininga deltek i nettverksarbeid.
  - Det skal arbeidast aktivt med utprøving av teknologiske hjelpemiddel.
  - Det skal innførast etiske refleksjonar i avdelingane. Deltek i nettverksarbeid.
  - Det skal gjennomførast brukarundersøking på korttidsavdelinga.
  - Det skal gjennomførast minimum eit pårørandemøte på sjukeheimane.
  - Me skal samarbeida godt med Samnanger og ta ut det potensialet som ligg i samdrift med dei.
  - Kvalitetskrav skal følgjast, og naudsynte prosedyrar skal gjennomgåast og ajourførast.
  - Redusera sjukefråver
- Det har vorte arbeida med alternative turnusar, og målsettinga er at minst ei avdeling prøver ut drift med alternativ turnus i 2016.
  - Teknologiske hjelpemiddel som m.a varslingsmatter er i bruk ved avdelingane, og tryggleiksalarmar driftast saman med heimetenesta.
  - Etiske refleksjonar er gjennomført og har vorte knytt opp til verdiarbeidet.
  - Brukarundersøking vart gjennomført i desember ved korttidsavdelinga.
  - Pårørandemøte er gjennomført på begge institusjonar. Det var godt oppmøte og engasjement. Samarbeidet med Samnanger er godt. Fleire høve med samdrift, til dømes rundt sjukepleiardekking.
  - Det har vore gjennomgang av prosedyrar og kvalitetskrav på avdelingsleiarnivå.
  - Sjukefråværet er framleis høgt i 2015 med 17,5 %..

Sjukeheimseininga held seg oppdaterte på lovverk og føringar og har plan for kompetanseutvikling. Deltaking i nettverk er også ein viktig del av dette. I 2015 har sjukeheimseininga delteke i nettverk for alternative arbeidstidsordningar, nettverk for velferdsteknologi og nettverk for lindrande behandling.

Ved utgangen av 2015 hadde kommunen 60 sjukeheims plassar, av dei var 16 korttids plassar. På korttidsavdelinga har ein brukt overbelegg (tomme rom) for å ta imot utskrivingsklare frå sjukehus.

Utskrivingsklare frå sjukehus, døgn å betala for:

|                     | 1. tertial 2015 (2014) | 2. tertial 2015 (2014) | 3. tertial 2015 (2014) |
|---------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| Tal døgn betalt for | 80 (0)                 | 9 (14)                 | 16 (41)                |

Pasientar på korttidsopphold, snitt pr. mnd i kvart tertial:

|                                          | 1. tertial 2015 (2014) | 2. tertial 2015 (2014) | 3. tertial 2015 (2014) |
|------------------------------------------|------------------------|------------------------|------------------------|
| Pas. på korttids-opphold, snitt pr. mnd. | 15,5 (10)              | 15,25 (7,75)           | 17 (10,75)             |
| Innlagt frå sjukehus, snitt pr. mnd.     | 9,5 (5,5)              | 8 (4)                  | 11 (6,5)               |
| Tal pas. med demens                      | 12 (4)                 | 7 (2)                  | 3, 25 (10)             |

**Tilsette/HMT**

Det har vorte gjennomført vernerundar i samsvar med kommunen sin HMT-plan. Medarbeidarsamtalar har stort sett vore gjennomført som planlagt, og det er god oppfølging i f.t. sjukefråvær.

Skademeldingar (2014 i parantes): Stikkskader: 1 (2), forflytning: 1 (1), forbrenning, 0 (1), andre: 0 (1).

Uøsnka hendingar (2014 i parantes): Manglande tlf/IKT samband/beredskap: 1 (0), personalrelaterte: 6 (4), skadeverk/tjuveri: 0 (0), feil utføring av rutinar: 6 (9), teknisk: 2 (4), data/telefoni: 2 (2), feil på utstyr: 3 (1), samarbeid / kommunikasjon: 1 (2), andre: 3 (3).

Når det gjeld sjukefråvær, har ein diverre ikkje klart å oppfylle målet. Også i 2015 var tendensen med høgt langtidsfråvær tydeleg (90% av sjukefråværet). Det har vore ei opphoping av alvorlege helsetilstandar med lange behandlingsforløp blant tilsette i høg stillingsprosent. Sjukemelde har vorte følgde opp etter retningslinjene.

| Sjukefråver       | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|-------------------|------|------|------|------|
| Sjukeheimstenesta | 12,0 | 8,3  | 16,2 | 16,5 |

Eininga hadde ved utgangen av 2015 64,8 årsverk, fordelt på 132 tilsette. I 2014 var det 72,9 årsverk.

## Folkehelse og familie

Visjon for eininga: «Vi skal leggje til rette for og bidra til at folk i Vaksdal får best mogeleg livskvalitet.»

Folkehelse og familie vart ei eining i 2014. Oppstarten var noko krevjande med mange ulike avdelingar og fagmiljø som skulle tilpassa seg og samarbeida for å nå mål og visjon. Gjennom 2015 har me sakte men sikkert jobba oss fram til felles forståing for kva tenester me skal ha og korleis me skal arbeida og samarbeida internt og eksternt.

### Økonomi

|                       | Rekneskap<br>2015 | Rev.budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Avvik 2015 | Rekneskap<br>2014 |
|-----------------------|-------------------|----------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Folkehelse og familie | 25 124 070        | 26 149 885           | 24 129 885            | 1 025 815  | 24 200 875        |

Eininga fekk i 2. tertial budsjettjustering på 2 millionar. God og systematisk jobbing med tiltak for å redusera overforbruk, vakante stillingar og god busettingsstrategi for flyktingar ga positivt årsavvik.

Av dei 2 mill eininga vart tilført vart 0,8 mill tilført til styrking av budsjett for økonomisk sosialhjelp, men det vart likvel eit meirforbruk her på om lag 0,4 mill. Dei øvrige 1,2 mill av styrkinga gjekk til barnevern, her vart meirforbruket i underkant av 0,9 mill.

### Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

- Så tidleg som mogleg avdekka avvik og hjelpa born og unge, under dette familiar som står i fare for å utvikla problem.
- Oppnå betre samarbeid og effektivitet ved flytting og samlokalisering av tenester som barnevern, fysioterapi og ergoterapi. Gjennomgang av leigeavtalar.
- Finna fram til kommunar som har gode og framtidsretta tenester og læra av dei.
- Busetja flyktningar i samsvar med politiske vedtak.
- Utarbeida fagleg plattform for heilskaplege tenester for å byggja evne til å meistra eige liv.
- Sikra kvalitet i alle ledd i møte med tenestemottakar.
- Utarbeida opplegg for folkehelse i plan og folkehelsevurderingar i all kommunal sakshandsaming.

Folkehelse og familie deltek i rusførebyggjande team og i tverrfaglege team. Det vert arbeida innan tenesteområdet og på tvers av tenesteområde for å avdekka avvik og setja inn tiltak tidleg.

I 2015 flytta fysio- og ergoterapitenesta til Turbinen, inn i nye og egna lokale med gode mogelegheiter for satsing på både individuell oppfølging, trening og meistring og på grupper. Resten av tenestene vart samlokalisert på Heradshuset.

Fleire av tenestene er representert inn i underutvala under Samarbeidsrådet i Voss lokalsjukehusområde. Dette gjeld underutval for barn og unge si psykiske helse, for rus og psykiatri, for rehabilitering og for akuttmedisin. Vaksdal kommune deltek også i Fagleg forum for kommunalt flyktningearbeid (FFKF) og Norsk barnevernlederorganisasjon (NOBO).

Vaksdal kommune busette flyktningar etter vedtak i 2015. Dei fleste av flyktningane kom frå Syria.

Mange tilsette har teke kurs i helsepedagogikk for å få fokus over på førebygging, meistring og deltaking. I tillegg har eininga starta med Samspelmetoden Dialog som verktøy for god samhandling mellom tilsette og med brukarar. Fysio- og ergoterapitenesta har vore aktivt med i oppstart av kvardagsrehabilitering og har samarbeida med rus- og psykiatritenesta om oppstart av grupper der fysisk aktivitet og trening inngår. Brukarane har gitt gode attendemeldingar på desse gruppene.

Stadig fleire tilsette har teke i bruk bærbar pc for å effektivisera arbeidet. Smarttelefon med tilgang til kalender og mail og bruk av fleire modular på Visma er med å effektivisera arbeidet. Alle tenester har arbeidsverktøy for god og systematisk kartlegging av brukarar. Det er med å sikra at brukar møter profesjonalitet i alle ledd.

I tillegg til kontormøte på avdelingane hadde Folkehelse og familie ei stor fellessamling i 2015.

I 2015 vart det utarbeida Folkehelseoversyn for Vaksdal kommune, og undersøkinga Ungadata vart gjennomført for første gong i kommunen.

I 2015 hadde barneverntenesta tilsyn frå Fylkesmannen, og det vart påpeika avvik som ein jobba systematisk med å lukka. Arbeidet var lærerikt, og avvika vart lukka. Barnevernet har fokus på tidleg innsats i familien og nyttar meir tiltak i biologisk familie og mindre tiltak utanfor familien.

Rus- og psykiatritenesta ga i 2015 tilbod til om lag 85 personar, noko som er ein auke frå åra før. Sjølv med auke i brukarar utan auke i ressursar, hadde tenesta ingen ventelister. Kartleggingsverktøy vart teke i bruk i samarbeid med kommunepsykolog. Det vart starta to nye grupper i 2015. Psykososialt kriseteam vart kalla ut i samband med ei dødsulukke. Kriseteamet har rekruttert nye medlem og hatt opplæring og fokus på samarbeid.

NAV tenesta hadde gjennom året overforbruk på økonomisk sosialhjelp som ein ikkje klarde å henta inn att. NAV samarbeidar med andre tenester for å hindra fråfall frå vidaregåande skule.

Legetenesta: nytt telefonisystem fører til meir tilgjengeleg teneste og auke i tal timebestillingar via sms. Ventetida for legetime er vanlegvis under ei veke, og ein får ØH-hjelp på dagen.

Helsestasjon/skulehelsetenesta: det har vore 56 fødsalar i 2015. Alle har fått tilbod om heimebesøk, og alle har vore til 6 vekers kontroll. Alle spedborn og skuleborn vert vaksinert etter programmet. Skulehelsetenesta vert utført etter planen, og barn og unge vert følgt opp av psykiatrisk sjukepleiar på helsestasjonen og av barne- og ungdomsarbeidaren.



Ergo- og fysioterapitenesta driv individuell trening og oppfølging samt gruppetilbod. Dei har delteke i oppstart av kvardagsrehabilitering og i forprosjektet til «Lev Vel i Vaksdal»

### Tilsette/HMT

Vernerundar er gjennomført, og handlingsplan er utarbeida. Medarbeidarsamtale er gjennomført. Gjennom 2015 har me hatt fleire vakante stillingar, men i 3. tertial har me fått fleire nyttilsette.

Sjukefråværet har gått gradvis nedover gjennom året, og fråværet er ikkje arbeidsrelatert. Eininga har eiga arbeidsmiljøgruppe som skal setja fokus på godt arbeidsmiljø og jobbnærvær. Bedriftshelsetenesta var inne hjå barneverntenesta i 2015, og me hadde ein god prosess som no er avslutta.

| Sjukefråvær           | 2014 | 2015   |
|-----------------------|------|--------|
| Folkehelse og familie | 11 % | 11,3 % |



### Tenesteområdet samfunnsutvikling

Tenesteområde samfunnsutvikling samlar ulike fagmiljø som saman er viktige for folkevekst, næringsutvikling/entreprenørskap, omdømme og identitet. Gjennom heilskapleg og medveten tilnærming freistar me å utvikle samfunnet i ønska retning gjennom omfømme, idetitet og gode tenester. Rådmann leiar sjølv tenesteområde og vil gjennom det vera særleg engasjert i utviklingsarbeidet i kommunen.

Kommunen prioriterte i 2015 grøntanlegg i sentrumsområde med utbetring av grøntanlegg i sentrum av Dale og Vaksdal. Stanghelle padlebrygge vart opparbeidd med brygge og parkeringsareal.



Elveparken på Dale vart opna i juni-2015. Her er det etablert jungelløype, Bocciabane, bord og benkar i stein og innhegning for trening av hundar. Dette er eit prosjektsamarbeid mellom Dale Rotaryklubb, Dale hundeklubb og Vaksdal kommune. Tilskot er gjeve frå BKK, Rotary og Daleelva Eigedom. Det er søkt om spelemidlar til prosjektet.

*Elveparken på Dale*

### Kulturpris 2015

Vaksdal kommune delar kvart år ut ein kulturpris. Prisen er ein gåvesjekk på kr. 10.000.- og eit maleri laga av kunstnaren Charles Lunde. I 2015 gjekk kulturprisen til Arne Johnsen

### Kulturstipend 2014

Vaksdal kommune delar kvart år ut eit kulturstipend. Prisen er ein gåvesjekk på kr. 10.000.- og gjekk for 2014 (utdelt i 2015) til Sigurd Øygard Steinkopf.

Spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune: Vaksdal kommune fekk i 2015 midlar til fylgjande prosjekt:

Turbinen fleirbrukshall styrketreningsrom kr 700 000

Agnavika badeplass, toalett kr 103 000

Stanghelle aktivitetspark BMX-sykkelløype kr 196 000

### Tilskot

Vaksdal kommune har innanfor posten "ålment kulturarbeid" i 2015 blant anna gitt kr. 80.000.- til song- og musikk laga i kommunen, samt kr. 225.000.- til idrettsarbeid. I tillegg kjem tilskot til Vintertreffet på Vaksdal, og andre lokale kulturhendingar. Tettstadane Dale og Vaksdal får tilskot til 1. mai-feiringa, til saman kr. 10.000,-. Dei ulike 17. mai-komiteane får til saman kr. 15.000,-.

### Prosjekt

- Tiltak for betre framkomst i Gatå på Dale
- Padlebrygge på Stanghelle fullført
- Forprosjekt Dale barne og ungdomsskule
- Planlegging Vaksdal vassverk
- Adresseprosjekt, ferdigstillast i 2016
- Stanghelle vest/Tettaneset, arbeid med realisering
- Snuplass for buss er opparbeidd på Myster
- Snuplass for bilar bustadfeltet i Otterstadneset
- Mobilutbygging Eksingedalen og Nordgrenda, 5 av 7 kom på 4G nett i 2015.
- Trafikksikringstiltak - innføring av 30 km/t fartsgrense og fartsdempande tiltak på Vaksdal og Boge.
- Den gamle kommunekaien på Vaksdal er reven og ny flytekai er etablert.
- Nytt vegkryss E16 til Stanghelle vart ferdigstilt. Byggherre SVV. Med det vart og det kommunale vegnettett retning Brekkjen lagt om med køyring gjennom undergang.
- Starta opp forprosjektering av 2 bustadområde på Døso på Stanghelle.
- Riving av barnehagen i Haldorbrekka på Stanghelle.

## Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling samlar ulike fagmiljø som saman er viktig for folkevekst, næringsutvikling/ entreprenørskap omdømme og identitet. Samfunnsutvikling er organisert i avdeling for kommunalteknisk drift og avdeling for plan, kultur og forvaltning.



Fyrste halvår av 2015 var prega av fleire ras og vind som stengde vegar i kommunen. Mot slutten av året vedtok regjeringa å leggje K5 og statleg plan til grunn i planlegging av ny bane og veg mellom Arna og Voss. Det vart seld 6 tomtar i nytt bustadfelt på Vaksdal og høgare aktivitet på bustadmarknaden enn 2014.

I 2015 vart det mellom anna arbeid med Kommuneplan, Kulturplan, tilstandsregistrering kommunale bygg med strategi for eigedomsforvaltning og forprosjekt for ny barne og ungdomsskule på Dale.

*Dei tilsette på Samfunnsutvikling leverte i 2015 ein god jobb, her representert med nokon av dei som brøyter vegane våre.*

### Økonomi

| Tenestekområde Samfunnsutvikling | Rekneskap 2015 | Rev.budsjett 2015 | Oppr.budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|----------------------------------|----------------|-------------------|--------------------|------------|----------------|
| Samfunnsutvikling                | 29 978 473     | 30 084 862        | 29 959 998         | 106 389    | 32 041 092     |
| Samfunnsutvikling - sjølvkost    | -3 008 447     | -                 | -                  | 3 008 447  | -2 890 372     |
| Sum                              | 26 970 026     | 30 084 862        | 29 959 998         | 3 114 836  | 29 150 720     |

Kostnadane i 2015 vart lavare enn budsjettert. Eininga har hatt utfordringar med høgt sjukefråvær, men ved å kutte i vikarbruk samt halde stillingar vakant klarte ein å hente inn underskotet frå fyrste halvår. Dei samla gebyrinntekter frå byggesak samt kart og oppmåling var som budsjettert, og høgare enn 2013 og 2014.

### Mål og måloppnåing / Tenesteproduksjon

Det har vore stor tenesteproduksjon for å gje kundane våre og den kommunale organisasjonen rask og god service. 2015 vart prega av aukande privat byggeaktivitet og låg kommunal byggeaktivitet.

### KULTUR OG NÆRMILJØ

#### Kulturplan og kulturminneplan

I 2015 vart kulturminneplanen vedteken. Arbeid med kulturplanen starta opp våren 2015, og planen vart så godt som ferdigstilt i 2015. Begge desse planane vil vere nyttige verktøy i det vidare arbeidet på området.

#### Nærmiljø

Frivillige lag og organisasjonar er viktige institusjonar for eit godt nærmiljøet i bygdene våre, og nok eit år har eldsjelenene lagt ned eit fantastisk arbeid. Eldsjeler og dugnadsarbeid er viktig for å få til ei god samfunnsutvikling og skape godt bumiljø i bygdene og tettstadane. I 2015 samarbeide kommunen om dugnad i fleire bygder, og det gode samarbeidet mellom kommune, næringsdrivande og grunneigarar for Dale tettstad vart halde fram med.

Vaksdal folkebibliotek hadde ein liten tilbakegang i utlånet i 2015 i forhold til 2014. Totalt var det registrert 7.743 utlån i 2015, medan det i 2014 var registrert 8.512. Biblioteket hadde ei rekkje arrangement i 2015. Eit sentralt mål for 2015 var å skapa meir aktivitet i biblioteket. Det lykkas vi med. 2015 var et aktivt år med arrangement for biblioteket, med sjakkturneringer for både barn, unge og vaksne, eventyrstunder og litteraturarrangement for vaksne.

### Ungdommens kulturmonstring

Ungdommens kulturmonstring (UKM) er eit kulturtiltak for born og unge i heile Noreg. Vaksdal kommune har vore med sidan 1996. I 2015 var det om lag 100 ungdommar som var med på den lokale monstringa i Dale Forsamlingshus og Turbinen. Av desse så vart det plukka ut 9 ungdommar som representerte kommunen under fylkesmonstringa på USF Verftet i Bergen.



Vaksdal kommune arrangerte villmarksleir for 20. gong. Tilbod til born og unge i alderen 9. – 12. år. 30 born deltok. Den nye turhytta Gullhorgabu har ført til kraftig auke i bruk av området frå Småbrekke og innover Militærvegen.

### Vaksdal Kulturskule

Vidareførte det gode arbeidet med kulturtilbod til barn og unge. Kulturskulen satsar på synleggjering og rekruttering og starta opp to nye tilbod i 2015. Bandtilbodet på Vaksdal kom godt i gong, og mot slutten av året kom og Kreativ Verkstad i gong. Kreativ Verkstad er spesielt retta mot elevar i ungdomsskulen, og elevar i overgangen mellom barne- og ungdomsskule. Kulturskulen leverte og tenester til bebuarane på Daletunet og Vaksdal Sjukeheim. Dei nye tilboda er resultat av ei lita omdisponering av lærarressursar. Ressursbruken er stramma inn med sterkt fokus på aktivitet som kjem brukarane direkte til gode.



### Turbinen

Både hall, styrkerom og møterom har vore mykje nytta også det andre bruksåret. Ein har opplevd auke i bruken på alle område. Drifta har gått bra og noko under budsjett, idrettslaga bidreg med mykje dugnad med omsyn til vakthald under aktivitetar. I november flytta fysioterapeutar og ergoterapeut inn i kontora i 3.etasje.

### Landbruk:

Høvesvis 48 og 46 føretak søkte om produksjonstilskot ved januar- og augustomgangen i 2015. 30 føretak søkte om RMP-tilskot til ulike føremål. Det vart løyvd kr 70 000,- i SMIL-midlar, fordelt på 5 søknadar, og utarbeidd ny kommunal SMIL-strategi for bruk av midlane. Vidare er det gjeve dreneringstilskot til to bruk. Dei fire beitelaga i kommunen fekk midlar til organisert beitebruk i utmark for 8180 sauer, 281 storfe og 111 geiter.

Det er handsama 6 delings- og konsesjonssaker i 2015. Lokal gjødsselforskrift er utbeidd og vedteken politisk, og det er gjeve ut tre nummer av «Landbruksnytt». «Kompetanseprogrammet for nye og unge bønder vart start opp, og det er halde fleire temamøte om landbruk. Arbeid med «kjerneområdekartlegging jordbruk» vart òg starta opp i 2015. Årets avvirking i skogbruket var om lag 600 kbm., hovudsakleg gran. Fylkesmannen gjennomførte revisjon av landbruksverksemda. Det vart ikkje funne vesentlege avvik, Fylkesmannen var svært nøgd med tilsynet.

### Viltforvaltning:

Det er 20 hjortevald i kommunen, ingen med bestandsplan. Det vart tildelt 257 løyve og felt 196 dyr, som gjev ei felling på 76 %. Kommunen har vore involvert i regionalt prosjekt om forvaltning av hjortebestanden, og halde eit informasjonsmøte om bruk av hjorteviltregisteret. Av fallvilt er det registrert 12 hjort, 1 elg, 1 oter og 2 revar. Vidare vart det gjennomført to offentlege ettersøk grunna påkøyrslar, og vi fekk melding om 5 ettersøk i regi av hjortevald/jaktfelt. Kommunen har arrangert jegerprøveeksamen for 15 kandidatar. Alle klarte prøven.

## KOMMUNALTEKNISK DRIFT

### Veg og grønt

Den 18. februar raste ei strekkje på om lag 25 meter av den kommunale vegen til Toskedalen ut ved Flothamn / Sverrestuen. Hendinga har førte til at dei om lag 20 fastbuande i området Gammersvik-Toskedal vart veglause. Det vart hyrt inn geolog for å få vurdert årsaken til at delar av fjellpartiet vegbana rasa ut, og vidare for å bestemme kva tiltak som måtte gjennomførast for å sikra området. I og med at ytre del av vegbana vert liggjande delvis i «lause lufta» vart det bygd ein armert betongkonstruksjon i ei lengd på om lag 25 meter.



Betongkonstruksjonen vart forankra i og på fjell. Totalkostnad 2,75 millionar kroner eks mva. Kommunen søkte fylkesmannen om ekstraordinære skjønsmidlar og fekk tildelt 1,73 millionar kroner. Vegen vart opna for køyrandetrafikk att, sist i mai månad.

I 2015 vart det utført nyasfaltering i Sædalen på Stanghelle samt reasfaltering på Helleflaten og Geitabakken. Delar av grusvegen Haugen/Fjellanger blei grusa med om lag 310 tonn grus.

Det vart gjort vedlikehald på ballbana ved skateparken på Stanghelle. Dette var eit samarbeid med dugnadfolk frå Stanghelle bygda som plukka stein og personell frå teknisk som la nytt grusdekke på bana, om lag 150 tonn banegrus.

Det blei opparbeidd nye parkeringsplasser for EL biler ved Heradshuset og me hadde arbeid med opparbeiding snuplass/rundkjøring på Myster. Uteområdet ved Vaksdal skule vart graven opp og drenering system blei etablert samt at nye drenerande masser blei til kjørt, arealet står no fram som nytt leikeområde med nye leikeapparat som vart montert på dugnad.

Avdelinga hadde også eit stort arbeid med opprydding/vekk kjøring av trevirke etter ras på Boge. I Dale sentrum blei fleire grøntareal opp rusta. Gamle planter blei fjerna, plantejord skiftet, duk og bark som no skal hindre oss i at ugras tar overhand for dei nye plantane er lagt ned.

Det vart grave 54 graver og 9 urnegraver for Kyrkjeleg fellesråd. I tillegg slått og vedlikehald av gravplassane.



### Frå forfall til fornying

*Strategi for eigedomsforvaltning i Vaksdal kommune*



### Eigedom

I 2015 har kommunen utført tilstandsrapportar på bygg og for oppvekst og helsebygg. Tilstandsregistrering av kommunale bygg vil saman med strategi for eigedomsforvaltning vil vere eit godt grunnlag for utarbeiding av vedlikehaldsplanar og prioritering.

Ein har dokumentert at det er eit stort vedlikehaldsetterslep på skulebygg, med Dale barne- og ungdomsskule som den største utfordringa. Som ein konsekvens av dette er det starta opp ein moglegheitsstudie for ny barne- og ungdomsskule på Dale i fire ulike alternativ (som for skulestruktur).

Det vart skifta ut 16 terrassar på omsorgsbustadene på Vaksdal, samtidig blei alle aldersbustadane malt. I Elvavegen ventilasjonen bygd om og nye kjøkkenventilatorar montert. To bustader i Elvavegen vart rehabilitert.

PPT/Barnevern vart flytta frå skulen til Heradshuset kor 5 kontor med fellesareal og toalett vart pussa opp. På Dale ungdomsskule vart det montert to nye ventilasjonsaggregat. På Dale omsorgssenter vart 2 bustader

rehabilitert. Dale og Vaksdal sjukeheim fekk skifta ut 90 gamle lysarmaturar med nye led lamper, dette vil gi reduksjon i straumutgifter og eit betre lys for brukarane. Uteområdet ved Daletunet fekk opprusta blomebedd og sansehagen vart tilrettelagt for rullestol.

I Vaksdal barnehage Jamne vart alt leikeutstyr demontert og remontert på dei andre barnehagar i Kommunen. På Dale barneskule blei det utført sikringstiltak med gjerde mot fjell og fallunderlag blei montert under leikeutstyr.

Alle bygg som har brannvarsling anlegg har hatt årskontrull av eksternt firma i tråd med krav. Alvorlege avvik er lukka og resterende punkter på lista vil bli lukka i løpet av mars månad.

#### Vaskeri og reinhald

Vaskeriet har i 2015 vaska tøy til 69 bebuarar, inkludert Samnanger heimen. Det er også blitt reingjort 101 senger for å avhjelpa personalet på korttidsavdelinga. Vaskeriet vaskar også arbeidstøy til heimetenesta, om lag 100 sett pr. veke, handdukar og laken til fysioterapeut og matter til kommunale bygg blir også reingjort av vaskeriet.

Det er blitt utført dagleg , periodisk og hovudreinhald etter reinhaldsplaner for det enkelte bygg. I Stanghelle Barnehage er alle golv skurd opp og voksa på nytt. På Eksingedalen skule er det utført hovudreinhald på heile skulen. På Daletunet omsorg senter er det i tillegg til reinhaldsplanen blitt utført ned vask av 101 rom på korttidsavdelinga. I tillegg til dette kommer 101 nattbord og klesskap for å avhjelpa personalet på Daletunet omsorgssenter.

#### Vassforsyning og avlaup.

Arbeidet med planlegging av nytt vassverk på Vaksdal med grunnvatn i Sædalen som ny vasskjelde er godt i gang. Vassprøvar er utført etter plan godkjent av Mattilsynet. Vatnet har halde god kvalitet og det er ikkje påvist større avvik gjennom året. I byrjinga av mai gjennomførte me ei beredskapsøving for i regi av DIHVA. Denne fekk me godkjent på.

Under stormen Nina mista vi straumen på Boge, i Klypekleiva og på Myster (Eidsland). På Boge starta aggregatet og haldt anlegget i gang utan problem. I Klypekleiva var straumen vekke i eit døger, men Tjødnane HB hadde ikkje problem med å forsyna Otterstadneset i denne tida. For Myster (Eidsland) er ein i gong med å planlegge tiltak som gjer vassverket mindre sårbart ved straumbrot.

Ardalsveien avlaupspumpestasjon vart rehabilitert og eine pumpa vart skifta ut. Vågslia avlaupspumpestasjon har også fått ei ny pumpe. I Eikhaugen avlaupspumpestasjon er det skifta løpehjul på begge pumpene. I Myster vasspumpestasjonstasjon har me skifta den eine pumpa og overhald og skifta pumpehjula i den andre. I Helle vasspumpestasjon har begge pumpene blitt overhald og skifta lager på motorane.

I samband med leiting etter avlaupsvatn på avveggar på Dale fann me eit avlaupsrør i frå Lia som gjekk inn på overvassleidninga. Her vart det lagt om og etablert ei ny avlaupskum slik at det kom inn på avlaupsanlegget. Det er også skifta ut ei avlaupskum i Holhovden på Dale som var dårleg.

På Stanghelle har det vore eit par mindre lekkasjar på vassleidningane. Hadde også eit større vassledningsbrot på hovedleidninga til Vaksdal på Øvre Boge som me fekk reparert ganske raskt. Elles har me drive ein del med lekkasjesøk på Vaksdal og Dale.

#### PLAN OG UTBYGGING

##### Plansaker

Rullering av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel, vart sett i verk. Reguleringsplaner eller reguleringsendring som vart starta opp, Vaksdal vassverk, Bustader Jamne, Stanghelle vest/Tettaneset og Bustader Døso.




Byggjesaker

Det er motteke 83 og handsama i alt 77 byggje- og seksjoneringsaker. Dette er i all hovudsak tilbygg til bustad og hytter, samt oppføring av 5 nye hytter.

Det vart byggjemeld, og godkjend 5 nye bustader i 2015. Av desse er 2 i Eksingedalen 1 på Stanghelle, og 1 på Vaksdal, samt eit nytt våningshus i Bergsdalen. Tall på dispensasjonar frå plan er 6 stk.

Det er handsama 26 delingssaker. Den lovpålagde sakshandsamingstida er overhalde i meir enn 95 % av sakane.



Nye heilårsbustader tatt i bruk 2005 – 2015

Sal av eigedom

Det er selt 5 einebustad tomter på Tveitane, 4 nausttomter på Sildastadskjæret, to garasjetomter på Stanghelle, og nokre mindre areal. Eidsland skule er selt, men skøyte vert tinglyst i januar 2016. Kommunen sin del av to-mannsbustad i Postvegen på Dale er selt.

Kart- og oppmåling

Det er slutført 52 saker etter matrikkellova i 2015. Ved årsskiftet var det 10 ikkje-utførte saker. 49 oppmålingsforretningar som krev feltarbeid vart halde i løpet av året. I store deler av vintersesongen har avdelinga vore involvert i adresseprosjekt, VA-prosjekt, oppdatering av vegnett og årleg oppdatering av eigedomsskattetakst. Tenester, informasjon og rådgjeving internt og eksternt vart utført gjennom heile året. Nytt geovekstprosjekt vart starta opp i 2015 (laserscanning, ortofoto, FKB-B heile kommunen minus Osterøy), med planlagt leveranse i 2016. NN2000-prosjektet (nytt høgdegrunnlag) vart ferdigstilt i 2015, og Vaksdal kommune innførte nytt høgdegrunnlag 31.07.2015.

Gebyrinntekter for meklarinformasjon og oppmålingssaker var over budsjett, hhv 2,3% og 20,6%.

Brannvern

I 2015 har ein gjennomført fleire kompetansetiltak, mellom anna trening av røykdykkarar og utdanning av utrykingsleiarar. Brannvesenet har løyst dei situasjonane som har oppstått, men beredskapen på dagtid er framleis ei utfordring då mange av dei deltidstilsette arbeider utanfor kommunen. Det er difor eit stadig fokus å rekruttere fleire med arbeid i kommunen. Vaksdal kommune skal utgreie eit samarbeid med Bergen brannvesen etter vedtak i kommunestyret. Arbeidet er venta fullført i 2016.

Markering av oppstart nasjonalt Naudnett

Tilsette/HMT

Eininga har behov for variert og spesialisert kompetanse innanfor eit omfattande fagfelt.

Per 31. desember 2015 var det 109 tilsette i Samfunnsutvikling, av desse 35 deltidstilsette i brannvernet. Om ein ser bort i frå deltidstilsette brannmannskap er kvinneandelen 41 %.

Sjukefråværet er høgt, 11,5 % mot mål om 7 %.

| Sjukefråvær samfunnsutvikling | 2011  | 2012  | 2013   | 2014   | 2015   |
|-------------------------------|-------|-------|--------|--------|--------|
| Kommunalteknisk drift         | 7,0 % | 8,6 % | 14,6 % | 12,3 % | 13,8 % |
| Plan, kultur og forvaltning   | 2,2 % | 5,6 % | 4,1 %  | 4,4 %  | 7,1 %  |
| Totalt samfunnsutvikling      | 5,4 % | 7,7 % | 11,3 % | 10,9 % | 11,5 % |

I 2015 vart det tilsett ein fagarbeidar på veg og grønt, kulturskulelærer samt brannmannskap. Ein tilsett gjekk av med pensjon. Vernerundar har vore gjennomført i 2015.

## Vedlegg 2: Økonomisk oversyn

| Regnskapsskjema 1A - drift                      | Regnskap<br>2015   | Reg. budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Regnskap<br>2014   |
|-------------------------------------------------|--------------------|-----------------------|-----------------------|--------------------|
| Skatt på inntekt og formue                      | 95 145 248         | 92 700 000            | 92 700 000            | 91 771 314         |
| Ordinært rammetilskudd                          | 142 298 131        | 144 380 000           | 144 380 000           | 142 818 026        |
| Skatt på eiendom                                | 34 329 376         | 34 000 000            | 34 000 000            | 35 855 044         |
| Andre direkte eller indirekte skatter           | 3 353 008          | 3 100 000             | 3 100 000             | 3 352 448          |
| Andre generelle statstilskudd                   | 2 946 763          | 2 870 000             | 2 870 000             | 3 058 115          |
| <b>Sum frie disponible inntekter</b>            | <b>278 072 526</b> | <b>277 050 000</b>    | <b>277 050 000</b>    | <b>276 854 947</b> |
| Renteinntekter og utbytte                       | 2 911 984          | 1 798 000             | 1 798 000             | 4 858 358          |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 4 539 654          | 2 000 000             | 2 000 000             | 5 134 335          |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.         | 6 466 589          | 9 320 000             | 9 320 000             | 6 816 749          |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)     | 4 317 731          | -                     | -                     | 2 945 256          |
| Avdrag på lån                                   | 12 078 588         | 11 900 001            | 11 900 001            | 10 777 454         |
| <b>Netto finansinnt./utg.</b>                   | <b>-15 411 270</b> | <b>-17 422 001</b>    | <b>-17 422 001</b>    | <b>-10 546 766</b> |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk   | -                  | -                     | -                     | -                  |
| Til ubundne avsetninger                         | 209 599            | 209 599               | -                     | 12 518 251         |
| Til bundne avsetninger                          | 3 653 837          | 3 050 000             | 3 050 000             | 8 242 950          |
| Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk       | 279 599            | 279 599               | -                     | 13 339 660         |
| Bruk av ubundne avsetninger                     | 19 853             | 169 885               | 149 885               | 517 064            |
| Bruk av bundne avsetninger                      | 1 390 696          | 4 512 150             | 4 488 000             | 366 092            |
| <b>Netto avsetninger</b>                        | <b>-2 173 288</b>  | <b>1 702 035</b>      | <b>1 587 885</b>      | <b>-6 538 385</b>  |
| Overført til investeringsregnskapet             | 6 629 602          | 6 629 150             | 6 205 000             | 150 000            |
| Til fordeling drift                             | 253 858 365        | 254 700 884           | 255 010 884           | 259 619 797        |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)           | 252 379 036        | 254 700 884           | 255 010 884           | 259 340 201        |
| <b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>        | <b>1 479 329</b>   | <b>-0</b>             | <b>-0</b>             | <b>279 596</b>     |

| Regnskapsskjema 1B - drift | Regnskap<br>2015 | Reg. budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Regnskap<br>2014 |
|----------------------------|------------------|-----------------------|-----------------------|------------------|
| Politisk/Rådmann/Stab      | 25 915 159       | 24 180 992            | 28 580 992            | 30 881 290       |
| Skule                      | 50 142 706       | 50 100 002            | 50 100 002            | 47 875 120       |
| Barnehage                  | 22 182 970       | 22 224 999            | 22 224 999            | 21 899 663       |
| Folkehelse og familie      | 25 124 070       | 26 149 885            | 24 129 885            | 24 200 875       |
| Heimetenesta               | 51 353 618       | 51 945 135            | 51 999 999            | 52 973 177       |
| Sjukeheimstenesta          | 50 690 487       | 50 015 010            | 48 015 010            | 52 359 356       |
| Samfunnsutvikling          | 26 970 026       | 30 084 862            | 29 959 998            | 29 150 720       |
| Sum                        | 252 379 036      | 254 700 885           | 255 010 885           | 259 340 201      |

| Regnskapsskjema 2A - investering       | Regnskap<br>2015  | Reg. budsjett<br>2015 | Oppr.budsjett<br>2015 | Regnskap<br>2014  |
|----------------------------------------|-------------------|-----------------------|-----------------------|-------------------|
| Investeringer i anleggsmidler          | 29 241 248        | 31 155 202            | 35 750 000            | 58 022 477        |
| Utlån og forskutteringer               | 3 122 926         | 2 000 000             | 2 000 000             | 1 282 662         |
| Kjøp av aksjer og andeler              | 8 100 025         | 8 100 025             | -                     | 157 866           |
| Avdrag på lån                          | 2 302 971         | 1 400 000             | 1 400 000             | 11 822 131        |
| Dekning av tidligere års udekket       | -                 | -                     | -                     | -                 |
| Avsetninger                            | 3 681 266         | -                     | -                     | 1 640 411         |
| <b>Årets finansierungsbehov</b>        | <b>46 448 436</b> | <b>42 655 227</b>     | <b>39 150 000</b>     | <b>72 925 547</b> |
|                                        |                   |                       |                       |                   |
| <b>Finansiert slik:</b>                |                   |                       |                       |                   |
| Bruk av lånemidler                     | 21 808 105        | 24 537 972            | 27 995 000            | 40 182 936        |
| Inntekter fra salg av anleggsmidler    | 3 391 000         | 754 555               | -                     | 2 310 000         |
| Tilskudd til investeringer             | 2 016 606         | -                     | -                     | 4 666 000         |
| Kompensasjon for merverdiavgift        | 4 453 543         | 3 500 000             | -                     | 10 141 265        |
